

Årsmelding 2022

Kvinnherad Kommune

Kommunedirektøren si oppsummering

Gode lesarar!

Kommunedirektør legg med dette fram årsrapport med rekneskap og årsmelding for 2022 som eit samla, nettbasert dokument. Dokumentet skal ivareta dei krava som kommunelova set i høve rapportering til kommunestyret. Kommunestyret skal sjølv vedta årsrekneskapen etter tilråding frå formannskapet.

Årsmeldinga skildrar små og store hendingar som til saman utgjer samfunnsutvikling og tenestetilbod i kommunen vår. I forordet løftar kommunedirektør fram nokre av dei mange aktivitetane og utviklingstrekk i året som gjekk, medan tenesteområda skildrar meir detaljert det gode arbeidet som skjer.

Eg vil også i mi oppsummering nytta høvet til å takka kvar enkelt tilsett, hovud tillitsvalt og hovudverneombod for innsats og engasjementet i 2022. Takk også til ordførar, varaordførar og folkevalde for engasjement og viktige avgjerder gjennom året.

Kommuneplanen sin samfunnsdel

Kommuneplanen er det overordna og langsiktige styringsdokumentet for Kvinnherad. Kommuneplanen sin samfunnsdel - Kvinnherad 2050, vart vedteken av kommunestyret i juni 2022 og syner korleis kommunen skal leggja til rette for ei berekraftig samfunns- og tenesteutvikling i tråd med FN sine berekraftmål. Samfunnsdelen planlegg både for Kvinnherad som samfunn og for kommunen som organisasjon.

Visjon og verdier:

Kvinnherad kommune sin visjon "Saman om utvikling og gode tenester" legg til grunn at me saman skal skapa eit aktivt og godt samfunn.

Dei fire verdiane Respekt, Omsorg, Tydeleg og Ærleg skal danna grunnlaget for korleis me skal byggja felles identitet for innbyggjarar og tilsette.

Organisasjonen har eit høgt aktivitetsnivå og det vert opplevd eit godt samarbeid mellom tilsette, politikarar, frivilligheit og næringsliv. Samarbeid i og mellom regionar, samarbeid med eksterne samarbeidspartnarar både lokalt og utanfor kommunen, er vidareutvikla i 2022 og slikt samarbeid på tvers, spesielt innan samferdsle, beredskap og næringsutvikling har vorte stadig viktigare.

Økonomi og finans

Kvinnherad kommune har eit godt økonomisk utgangspunkt. Auka skatteinngang, høg inntekt frå sal av konsesjonskraft og utbetaling frå Havbruksfondet har bidrege til at Kvinnherad fekk eit netto driftsresultat for 2022 på 72 millionar kroner.

Finansområdet hadde ei positiv utvikling og kommunen si finansforvaltning har vore god i eit turbulent år. Disposisjons fondet er no på eit så høgt nivå at kommunen har ein tilfredsstillande økonomisk buffer for drifta.

Folketalet i Kvinnherad har dette året hatt ei auke og Kvinnherad følgjer trenden i landet med ei auke i tal på nyfødde, og totalt 129 babyar kom til i 2022. Dette er svært gledeleg tal!

Årsmeldinga frå dei ulike tenesteområda i kommunen syner viktige resultat og god innsats frå våre dyktige tilsette. Det er mange fine høgdepunkt å lesa om i årsmeldinga. Dette er eit resultat av ambisiøse føringar frå politikarane våre og god handlekraft frå våre tilsette.

Nokre viktige resultat og innsatsar i 2022

Nasjonale koronatiltak vart fjerna frå 12. februar. Beredskapsgruppa i kommunen la frå midten av februar om møtefrekvens frå ein gong i veka til "etter behov". I slutten av mars vart det arrangert to festmiddagar for alle dei frivillige som har stått på med vaksining i to heile år.

Den 24. februar invaderte Russland Ukraina, og det kommunale tenesteapparatet rigga seg for å ta i mot den forventa auken i tal flyktningar. I løpet av året kom det 73 flyktningar frå Ukraina. Mottaksapparat og hjelp inn i samfunnet for desse personane vart godt handtert av tilsette med god innsats frå det frivillige.

Salmon Eye visningssenter vart offisielt og storstila opna den 02.09. Salmon Eye ligg i fjorden utanfor Rosendal, og skal inspirera og informera om korleis forsyne verda med meir mat frå havet. Kommunen har tilrettelagt for kai til elektriske båtar som skal frakta passasjerar til attraksjonen. Rådhusplassen i Rosendal var staden for ein storslagen opningsfest i regi av Eide Fjordbruk. Dette er ei storsatsing på berekraft og turisme, og er eit godt eksempel på samarbeid mellom ulike aktørar.

Ved oppstart av skuleåret 2022/23 kunne Hatlestrand skule gle seg over ny organisering med heildagsskule som tilbod til borna og familiane i skule-kretsen. Borna i 1 – 7. trinn har fått utvida skuledag med tid og rom for ekstra aktivitetar innafor kultur og idrett, i tillegg til leksehjelp på skulen og eit dagleg varmt måltid i den nye kantina på skulen. Tilbodet er spesielt og kunnskapsminister Tonje Brenna vitja skulen hausten 22 for å sjå korleis tilbodet er organisert.

I november var Åkra skule 40 år. Jubileet vart feira med heile bygda som gjestar og med rektoren som konferansier. Både små og store gleda seg over skulen og festen.

Det politiske vedtaket om å byggja ny barneskule på Husnes var samrøystes i kommunestyret 24. november. Tomta ligg ved Kvinnherad Arena og den nye skulen kjem til å vera organisert for nye arbeidsmåtar og aktivitetar som fremjar læring på alle område.

I kommunestyret 27. oktober vart det gjort eit godt grep for barn og familiar då det samrøystes vart vedteke gratis SFO til alle elevar på 1. – 4. trinnet. Politikarane i Kvinnherad syner at dei ynskjer å satsa på barn og unge i kommunen.

Tal einingar i omsorg, helse og sosial sektoren er redusert i 2022 ved å slå saman små einingar og nytta felles ressursar innan fleire tenesteområde. Sektoren har også reetablert Vurdering og koordineringsavdeling for alle tenester, og innbyggjarane har no «ei dør inn» til kommunen sine helse og omsorgstenester. Sektoren vart tildelt berekraft midlar frå Vestland med kr. 850 000 til digital kompetanse.

Arbeidet med kommuneplanen sin arealdel har pågått i heile 2022 med fleire møte mellom administrasjon og politisk nivå. Planen skal endeleg vedtakast i løpet av 2023.

Det har vore offisiell opning av dagsturhytta Fagnabu ved Nautavatnet, i mars var det offisiell opning av hovudbrannstasjonen på Husnes, og i juni vart Rosendal Stadion offisielt opna.

I «Kvinnheradpakken 1» er desse prosjekta gjennomført: Ny veg Lundsneset - Kollektivtiltak Rosendal - Ny Furebergfossen bru.

Desse prosjekta er under utføring: Ny tunnel ved Kroka, strekningsvis standardheving på parsellen mellom Folgefonntunellen og Årsnes, gang og sykkelveg Herøysundet. Det vart i økonomiplanen som vart vedteken i desember 2022 sett av 90 MNOK til «Kvinnheradpakken 2».

Kommunestyret har vedteke eigarskapsstrategi og eigarskapsforvaltning som skildrar rutinar for eigarstyring, og det er gjennomført opplæring til styremedlemmer. Det har vore utlysing etter styremedlemmer til selskap som kommunen har eigarskap i og oppretta ein database med aktuelle kandidatar.

Framtidige utfordringar:

Årsmeldinga er eit dokument der me ser oss tilbake. Det er likevel naturleg også å ha blikket retta framover for å sjå på moglegheiter og utfordringar som ligg føre oss.

Økonomien i Kvinnherad kommune støtte på utfordringar på tampen av 2022 med vesentleg reduksjon av rammetilskot for 2023. Det vil prega året som me går inn i og arbeid med stødig økonomistyring saman med god og effektiv tenesteyting og utvikling må prioriterast i 2023.

Oversikt og styring gjeld også for investeringsområdet - her er utfordringar knytt til eit høgt ambisjonsnivå for nye investeringar og høg lånegjeld.

Demografiske endringar vil føra til endringar for tenestebehovet, og organisasjonen må gjera seg tankar om korleis omstillingar og tilpassingar kan gjennomførast på kloke måtar slik at innbyggjarane får gode tenester, tilsette får gode arbeidstilhøve i heile stillingar og kommunen har økonomisk berekraft.

Årsrapport

Berekraftig kommuneøkonomi

Dei siste par åra har det vore gjort ei rekkje vedtak i kommunestyret som er sentrale for utviklinga av Kvinnherad-samfunnet i åra som kjem. Vedtak i plan for oppvekstkår, brannstruktur og bygging av Kvinnherad Arena har kravd eller krev enorme investeringar dei komande åra. I økonomiplan 2023-2026 vedtok kommunestyret å utføre investeringar for 1,3 milliardar kroner i 4-års perioden. For å sikre økonomisk berekraft i takt med høgare gjeldsbyrde er det nødvendig å vise måtehald i drifta. Grunna Kvinnherad sin geografi og vedteken struktur i den kommunale tenesteytinga er kommunen sitt kostnads-nivå på drift svært høg. For å kunne betene lånekostnader på planlagde investeringar på eit stadig høgare rentenivå må drifta i den kommunale tenesteytinga effektiviserast slik at kostnads-nivået går ned.

I 2021 vart drifta i kommunen effektivisert med 2,7 %. Denne effektivitets-gevinsten blei tapt i 2022 då drifta auka med 2,9 % utover løns- og prisvekst. I budsjettet for 2022 blei driftskostnadene auka

betydeleg både gjennom generell styrking av sektorrammene, men også gjennom styrking til spesifikke tiltak som blant anna barnevernsreform, drift av Newton-rom, reduksjon i inntekt frå SFO og vedlikehald av bygg og vegar. I tillegg har meir bruk av vikarar, overtid og vikarbyrå ført til kostnadsauken. For å sikre ein berekraftig økonomi i kommunen er det nødvendig at denne trenden snur.

Handlingsreglane som vart vedteke i nytt økonomireglement skal hjelpe kommunen i å nå eit økonomisk berekraftig nivå. Handlingsreglane set ein kurs for den kommunale drifta som krev endringar og som vil føre til at kommunen når dei finansielle måltala. Status for dei finansielle måltala var i 2022 som følgjer:

Netto driftsresultat eksklusiv premieavvik i % av brutto driftsinntekter	2,75 %	3,43 %
Renteberande gjeld i % av brutto driftsinntekter	100 %	105 %
Likviditetsresultat i % av brutto driftsinntekter	1,00 %	5,50 %
Avkastning av Kraftfondet utover risikofri rente	2,50 %	-4,10 %

Høg inntekt frå sal av konsesjonskraft bidreg sterkt til eit særst godt driftsresultat. Inntekta bidreg også til ei sterk auke i brutto driftsinntekter, som måltala elles nyt godt av.

Renteberande gjeld i % av brutto driftsinntekter er over målet, men er lågare enn året før. Årsaka til det er ein liten reduksjon i lånegjelda i 2022 og auke i brutto driftsinntekter. Dersom vedteke investeringsbudsjett i gjeldande økonomiplan vert fullført kjem dette måltalet til å stige monaleg i åra som kjem. Raskt stigande renter kjem til å vere ei utfordring i utarbeiding av neste års økonomiplan.

Kommunen oppfyller målet om eit likviditetsresultat på minst 1 % av brutto driftsinntekter. Dette er særleg takka vere høge kraftprisar. vidare i dette kapitelet vert det synleggjort at det vil vere behov for betydeleg nedsal i Kraftfondet dei komande åra.

Driftsrekneskapen i 2022

Høge kraftprisar, god vekst i skatteinngang og høg utbetaling frå Havbruksfondet bidrog til eit sterkt rekneskapsår for Kvinnherad kommune dette året. Netto driftsresultat hamna på 71,7 millionar kroner, mot budsjett på 21,2 millionar kroner.

Netto driftsresultat eksklusiv premieavvik utgjorde 3,43 % av brutto driftsinntekter, som er over målet på 2,75 %.

Kostnadsveksten i drifta var på 2,9 % utover løns- og prisvekst. Årsaka til veksten er grunngjeve under.

Årsmelding 2022

Det er avgjerande at overskotet frå 2022 vert nytta til å dekke opp for det budsjetterte underskotet i 2023. Året 2023 vil verta prega av fallande kraftprisar og trekk i rammetilskotet. Det er særleg viktig for å avgrense nødvendig nedsal frå Kraftfondet for å redde likviditeten.

Driftsresultat inkl. avsetning/bruk av fond

Beløp i 1000

	Rekneskap i fjor	Rekneskap	Opph. bud.	Rev. bud.
Sentrale inntekter				
Inntekts- og formuesskatt	-433 093	-500 709	-422 137	-459 739
Rammetilskot	-438 985	-410 407	-431 500	-427 093
Eigedomsskatt	-87 693	-86 685	-81 992	-81 992
Netto konsesjonskraft	-98 167	-269 358	-40 945	-105 000
Konsesjonsavgift	-10 168	-10 404	-10 100	-10 100
Havbruksfond	-10 158	-43 191	-36 250	-36 250
Integreringstilskot	-20 248	-7 656	-15 037	-15 037
Tilskot ressurskrevjande brukarar	-66 476	-38 365	-52 700	-52 700
Andre generelle driftsinntekter	-84 737	-102 224	-49 610	-49 610
Sum Sentrale inntekter	-1 249 726	-1 468 999	-1 140 271	-1 237 521
Netto finansutgifter og inntekter				
Netto konsesjonskraft	0	0	0	0
Renteinntekter	-4 615	-7 925	-2 900	-2 900
Utbyte BKK	-7 263	-8 316	-12 040	-8 316
Avkastning Kraftfondet	-160 676	0	-34 040	0
Renteutgifter	28 902	36 258	28 276	36 376
Avdrag på lån	72 091	69 604	65 781	65 781
Motpost avskrivninger	-80 661	-84 691	-80 000	-80 000
Sum Netto finansutgifter og inntekter	-152 221	4 929	-34 924	10 940
Sentrale utgifter				
Driftstilskot barnehage	54 282	46 882	54 075	54 075
Løns- og prisvekst	0	0	25 899	0
Avskrivning	80 661	84 691	80 000	80 000
Netto finansutgifter	134 943	131 574	159 974	134 075
Sum sentrale inntekter og finansposter	-1 267 005	-1 332 496	-1 015 221	-1 092 506
Tenesteområda - drift	1 068 212	1 260 848	999 937	1 071 261
Netto driftsresultat	-198 793	-71 647	-15 284	-21 245
Sum driftsinntekter	-1 512 017	-1 741 464	-1 399 020	-1 490 114
Driftsresultat i prosent av driftsinntekter	13,1 %	4,1 %	1,1 %	1,4 %

Beløp i 1000

	Rekneskap i fjor	Rekneskap	Opph. bud.	Rev. bud.
Øverføring til eige kapitalfond - Kraftfondet	49	89	0	0
Overføring til investering - Havbruksfondet	0	68 281	0	0
Øverføring til investering	45 257	617	32 073	60 496
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	149 899	-57 373	-14 954	-37 316
Netto avsetninger - sentrale poster	195 205	11 614	17 119	23 180
Overføring til investering	0	60 496	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	5 406	-62	-1 835	-1 835
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	-1 819	-400	0	0
Netto avsetninger i tenesteområda	3 587	60 034	-1 835	-1 835

	Rekneskap i fjor	Rekneskap	Opph. bud.	Rev. bud.
Sum sentrale inntekter og finansposter	198 793	71 647	15 284	21 345

Disponering av overskotet

Kommunestyret skal disponere kommunen sitt overskot i 2022. Netto driftsresultat var på 71,6 millionar kroner. Avsettingar og bruk av bundne driftsfond må takast omsyn til før disponering av mindreforbruket. I tillegg har kommunestyret gjort ei rekkje vedtak i løpet av 2022 som inneber bruk av disposisjonsfond. Mindreforbruket som kommunestyret skal disponere kjem fram av tabellen under.

Kommunedirektør skal leggje fram rekneskapen der eventuelt mindreforbruk er avsett til disposisjonsfond, i tråd med kommunelova. Det visast til vedlegg til årsrekneskapen "Oversikt over samlet budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjoner §5-9".

Netto driftsresultat	71 647 353		
Avsettingar til bundne driftsfond	- 15 676 476		-15 676 476
Bruk av bundne driftsfond	15 650 050		15 650 050
Avsetting til disposisjonsfond	- 10 908 110	- 110 951 674	- 121 859 784
Overføring til investering	- 61 112 817	- 68 280 727	- 129 393 544
Bruk av disposisjonsfond	400 000	179 232 401	179 632 401

I 1. kvartalsrapport 2022 vedtok kommunestyret å setje av 60,8 millionar kroner av overskotet til eigenfinansiering av investeringar. Etter avsetjing og bruk av fond står det igjen eit mindreforbruk på 10,9 millionar kroner til disponering. I samsvar med kommunelova er mindreforbruket avsett til disposisjonsfondet som vist i tabellen over.

I finansreglementet til Kvinnherad står det at den indeksregulerte grunnkapitalen til Kraftfondet er urørleg for kommunestyret. Grunnkapitalen i dette tilfellet er den delen av salssummen frå salet av SKL-aksjar som vart nytta til å stifte Kraftfondet. For å følgje finansreglementet bør kommunestyret sette av 27,6 millionar kroner til indeksregulering av grunnkapitalen. Det vert føreslege at denne indeksreguleringa vert dekkja av den vedtekne overføringa til investering frå 2. kvartalsrapport.

Indeksregulert grunnkapital	522 331 902
Balanseført grunnkapital	494 705 883
Differanse	27 626 019

I økonomireglementet til Kvinnherad står det at kommunen skal sikre eit 1:1 forhold mellom balanseført premieavvik og disposisjonsfond som er tiltenkt dekking av premieavvik. For å følge økonomireglementet må 13,1 millionar kroner tilførast disposisjonsfondet tiltenkt premieavvik.

Det vert føreslege å setje av mindreforbruket på 10,9 millionar kroner til disposisjonsfondet tiltenkt premieavvik for å følge økonomireglementet. Anna bruk av desse midlane som krev ei utbetaling vil forverre likviditeten ytterlegare. Som omtala seinare i dette kapitelet er likviditeten til kommunen anstrengd og alle oppsparte midlar er bundne opp i Kraftfondet. Bruk av dette overskotet som krev utbetaling vil følgeleg krevje eit tilsvarande nedsal frå Kraftfondet.

Frie inntekter

Skatt og inntektsutjamning

Skattetala frå SSB viser at kommunane fekk inn 220,8 mrd. kroner i skatteinntekter i løpet av 2022. Dette er 9,7 mrd. kroner høgare for kommunane enn anslaget frå Nasjonalbudsjettet for 2023.

Skatteinngangen i 2022 ligg samtidig 38,5 mrd. kroner høgare enn anslaget frå Nasjonalbudsjettet for 2022. Av dette vart 14 mrd. kroner trekt inn etter behandling av revidert Nasjonalbudsjett. Dette utgjorde for Kvinnherad kommune 22,5 mill. kroner.

Skattøyre for 2022 ble justert ned til 10,95 prosent frå 12,15 prosent i 2021.

Auke i skattetala for 2022 kan knytast til fleire forhold, blant anna:

- Forskotstrekk auka med nesten 9,3 mrd. kroner
- Forskotsskatt auka med 8,0 mrd. kroner
- Innbetalt restskatt auka med nær 4,8 mrd. kroner

Med inntektsutjamning har Kvinnherad kommune i 2022 ein skatteinngang på 96,4% av landsgjennomsnittet. Utan inntektsutjamning er same prosent 94,0 % av landsgjennomsnittet. Dette er ein auke frå fjoråret som er ei gledeleg utvikling. Høgare skatteinntekter per innbyggjar kan tyde på at fleire av kommunen sine innbyggjarar er i arbeid, noko som aukar handlingsrommet til kommunen.

I 2022 var det ei auke på 47 sysselsette i kommunen. Del sysselsette av befolkninga i arbeidsfør alder auka frå 68,0 % til 68,4 % i 2022.

Kvinnherad kommune hadde ein vekst i skatteinngangen på 15,6 % frå 2021 til 2022. Den gjennomsnittlege veksten for kommunane var i 2022 12,7 %.

Skatt	500 709	433 093	
Inntektsutjamning	9 845	18 869	
Skatt per innbyggjar i snitt av landet	94 %	91 %	
Vekst frå året før	15,60 %	16,50 %	

Rammetilskot

Rammetilskotet frå staten blei omtrent 2 millionar kroner høgare enn budsjettert. I 2022 blei kommunane kompensert for koronakostnader i 1. halvår gjennom rammetilskotet. I tillegg blei det gjeve tilskot for å dekke kostnader til vaksining.

Grunna endringar i skattereglar for utbyte blei utbyteskatten veldig høg i 2022. Denne skatteveksten blei delvis drege inn igjen av staten gjennom eit trekk til Kvinnherad kommune på 24 millionar kroner gjennom rammetilskotet.

Rammetilskot	410 407 327	408 497 000	403 500 000	

Tabellen under syner dei forskjellige elementa av rammetilskotet i 2022.

Innbyggjartilskot	392 571 000	
Koronakompensasjon	11 757 000	
Diverse løyvingar	3 482 000	
Trekk for meirskattevekst	-24 011 000	
Inntektsutjamning	9 846 327	

Årsmelding 2022

Distriktstilskot	16 732 000
Skjønstilskot	30 000
SUM	410 407 327

Eigedomsskatt

Kraftanlegg	53 320 760
Næring	17 722 366
Bustad	15 641 557
Sum	86 684 683

Grunna dei auka kraftprisane hausten 2020, vart inntektene frå eigedomsskatt for kraftanlegg noko høgare enn opphavleg budsjettert for 2022. Sjølv om kraftprisane har auka og vore stabilt høge i 2021 og 2022, kjem ikkje eigedomsskatteinntektene frå kraftanlegg til å auka i åra som kjem. Dette grunna takseringsreglane for kraftanlegg i Eigedomsskattelova § 8B-1, der ein har nådd maksimal takstverdi for anlegga etter dagens regelverk.

	86 684 683	81 991 798	81 991 798	

Konsesjonskraft

SKL og Statkraft pliktar å levera ein del av krafta (konsesjonsstraum) som vert produsert i Kvinnherad til kommunen. Kvinnherad kommune får tildelt 160,5 GWh i konsesjonsstraum pr år. Tak uttaksmengd er avgrensa til alminneleg forbruk i kommunen. Prisen for konsesjonskraft var i 2022 11,57 øre/kWh (sjølvkost).

Ishavskraft forvaltar konsesjonskrafta til Kvinnherad kommune. Selskapet nyttar to modellar ved forvaltning av konsesjonskraft. Momentumbasert faktorallokering og budsjettprismodell. Den fyrste

modellen tar utgangspunkt i (langsiktige) trendar i marknaden som genererer sal- og kjøpssignal. Budsjettemodellen tar utgangspunkt i ein referansepris som forvaltar skal styre etter (stop -Loss). Handlingsrommet er at det budsjetterast med ein minimumspris som er 90% av referansepris.

16 GWh av konsesjonskrafta vert levert internt til kommunen. Prisen er lik referansepris kr 26,51øre/kWh. I forhold til spotpris har dette gitt ein mindrekostnad for dei kommunale bygningane på kr 29,7 mill. samt tilsvarande mindreinntekter på sal konsesjonskraft på kr 29,7 mill. Vi har då ikkje tatt omsyn til prissikring.

Tabellen under viser inntekter og utgifter ved konsesjonskrafta til Kvinnherad kommune:

Sal konsesjonskraft:	293 261 662
Internsal	29 687 763
Sum inntekter	322 949 425
Kjøp av konsesjonskraft	21 278 305
Internsal	29 687 763
Energiavgift	- 6 827 104
Handelsgebyr og honorar	9 448 661
Prissikring	159 457 248
Sum utgifter	213 044 873
Netto gevinst konsesjonskraft	109 904 552

Andre inntekter

Havbruksfondet

Etter at regjeringa i november 2022 føreslo å auke overføringane til havbruksfondet med 800 mill. kroner vart endeleg utbetaling frå havbruksfondet over tre milliard kroner i 2022. Dette vart betalt ut til 142 kommunar og 7 fylkeskommunar.

Kommunane vart tildelt 87,5% som svarar til kr 2.706.457.250. Dette vert betalt ut etter kommunen sin del av lokalitets-MTB.

Kvinnherad kommune sin del av lokalitets-MTB var i 2022 2,0% (akvakulturregisteret 1.september 2022)

Delen som vert tildelt kommunane basert på ny lokalitetsmasse tek utgangspunkt i perioden to kalenderår tilbake i tid (1.sept 2021 til 1.sept. 2023). Dette med ei øvre grense på kr 5,0 mill. Denne delen vert betalt ut i 2023.

I tillegg til dette er det anslått ein proveny frå produksjonsavgifta på kr 500 mill. som vert betalt ut i 2023.

	43 191 470	36 250 000	36 250 000

Konsesjonsavgift

Konsesjonsavgift pliktar eigarane av vasskraftverk å betale til kommunar som kompensasjon for dei skader og ulemper som følgjer av utbygging av kraftverka. Kraftgrunnlaget for det enkelte kraftverk vert berekna ut i få regulert vassføring og kraftverket sin fallhøgde. Satsen vert regulert kvart 5. år basert på utviklinga i SSB. Dette vart sist gjort i 2019.

	10 403 882	10 100 000	10 100 000

Integreringstilskot

I løpet av året 2022 har kommunen tatt imot og busett utelukkande ukrainske flyktningar, til saman 73 personar. Dette utløyste eit integreringstilskot på kr. 13,1 mill. fordelt på 3 terminar. Integreringstilskotet har blitt fordelt mellom sektorane, etter ei fordelingsnøkkel som tilsvarar delen av utgiftene disse har hatt med busetting og integrering av ukrainske flyktningar.

For dei allereie eksisterande flyktningane frå tidlegare år, (År 2 - År 5) har kommunen motteke 8,99 millionar kroner.

Løn

Totale lønskostnader i 2022 var på 2,0 % lågare enn budsjettert. Dette kjem hovudsakleg av at pensjonskostnadene blei betydeleg lågare enn budsjettert.

Lønskostnader - 2022	Budsjett	Rekneskap	Avvik i kr	Avvik i %
Fast løn	653 143 772	664 409 122	11 265 350	1,7 %
Variabel løn	117 793 771	154 992 621	37 198 850	31,6 %
Pensjon	120 899 740	81 993 887	-38 905 853	-32,2 %
Arbeidsgjevaravgift og forsikring	98 300 556	92 311 871	-5 988 685	-6,1 %
Refusjon	- 32 809 910	- 55 843 240	-23 033 330	70,2 %
SUM	957 327 929	937 864 260	-19 463 669	-2,0 %

- Fast løn fekk eit avvik på 11,2 millionar kroner, som utgjer 1,7 %. Avviket skuldast auka ressursar til mottak av ukrainske flyktningar og auke i lønskostnader til fastlegetenesta. Kostnader knytt til mottak av ukrainske flyktningar er kompensert gjennom integreringstilskot, men dette kjem ikkje fram av oversikta. Mindreforbruk på fosterheimgodtgjersle og tapt arbeidsforteneste dreg meirforbruket ned.
- Variabel løn fekk eit avvik på 37,2 millionar kroner som utgjer 31,6 %. Avviket skuldast auka lønskostnader knytt til koronapandemien i starten av året, bemanningsutfordringar i omsorgssektoren i sommarmånadane og høgare sjukefråvær enn budsjettert. Koronakostnader er kompensert frå staten, men dette kjem ikkje fram av oversikta. Lønsrefusjon frå NAV er betydeleg høgare enn budsjettert, som går delvis mot dette meirforbruket.
- Pensjonskostnadane blei 38,9 millionar kroner lågare enn budsjettert. Dette er omtala nærare i kapitelet under.
- Lønsrefusjon fekk eit mindreforbruk på 23,0 millionar kroner, som er 70 % høgare enn budsjettert. Dette kjem særleg av høgare langtidssjukefråvær enn budsjettert, og fleire svangerskapspermisjonar enn normalt.

Ein stor del av det totale meirforbruket i drifta kjem av meirforbruket på variabel løn. I 2023 er det jobba særleg med å få dette avviket ned. Det er særleg bemanningsutfordringar i omsorgssektoren som skapar utfordringar for økonomien grunna bruk av vikarar og overtid, i tillegg til noko bruk av vikarbyrå.

Pensjon

Pensjonskostnadene blei 23,4 millionar kroner lågare enn budsjettert i 2022, grunna høgare renter og solide bufferar.

I alt er det i 2022 inntektsført 34,3 millionar kroner i premieavvik (differansen mellom innbetalt premie og berekna netto pensjonskostnad inkl. aga). Samstundes er 13,2 millionar kroner av tidlegare års

premieavvik amortisert. Akkumulert gjenstående premieavvik utgjer etter dette 68,8 mill., som er 19,5 mill. høgare enn i 2021. Effekten av ordninga med premieavvik har gjeve ein positiv effekt på 21,2 millionar kroner i rekneskapen for 2022.

Dette har samla gjeve ein positiv rekneskapseffekt i 2022 på 44,6 millionar kroner og er ei hovudårsak til det gode resultatet i 2022.

Tabellen under viser ei oversikt over pensjonsmidlar, pensjonsforpliktingar og berekna akkumulerte premieavvik og berekningsføresetnader for høvesvis KLP og SPK.

	Premieavvik		Aga premieavvik	
	2022	2021	2022	2021
KLP Felles	42 031 572	26 947 899	4 645 894	3 222 830
SPK	-1 067 943	-1 310 967	-128 651	-183 955
KLP Sjukepleiarar	21 170 916	18 648 746	2 258 504	2 016 186
	62 134 545	44 285 678	6 775 747	5 055 061
		-17 848 867		-1 720 686
Årets premieavvik	-31 063 261		-3 292 706	
Amortisert premieavvik	13 214 394		1 572 020	
	-17 848 867		-1 720 686	

Finans

Kraftfondet

Kraftfondet sin verdi vart redusert med 1,14 % i 2022. Til tross for nedgangen er dette eit relativt godt resultat. På same tid sank verdindeksen S&P500 med 19,4 %, det norske oljefondet med 14 %, medan Oslo Børs beholdt sin verdi takka vere olje- og gass sektoren. Det relativt gode resultatet til Kraftfondet skuldast ei svært høg avkastning på fondet sine private equity-investeringar. Denne avkastninga veg opp for stor negativ avkastning på aksjefonda til Kraftfondet.

Avkastninga fordelt på aktivaklasser var som følgjer:

Kraftfondet	Avkastning	Indeks	Meir- /mindreavkastning
Aksjefond	-11,83 %	-7,99 %	-3,84 %
Obligasjonsfond	-2,11 %	-1,94 %	-0,17 %
Rentefond	-1,00 %	1,24 %	-2,24 %
Hedgefond	-6,28 %	-7,99 %	1,71 %
Private Equity	16,18 %	-8,80 %	24,98 %
Eigedomsfond	-2,96 %	-2,94 %	-0,02 %

Renteinntekter og utbytte

Renteinntektene til kommunen har stige i takt med høgare rentenivå. Totale renteinntekter var på 8,3 millionar kroner i 2022, ein auke på 70 % frå fjoråret.

Renteinntekter	2022	2021	Auke
Bank	4 989 856	1 936 517	158 %
Startlån	3 208 234	2 883 279	11 %
Næringsliv	97 105	52 698	84 %
TOTAL	8 295 195	4 872 494	70 %

Renteinntektene på kommunen sine banksparingar auka med 158 % frå 2021. Dette har to hovudgrunnar:

Årsmelding 2022

1. Kommunen sin bankavtale gjev ein rentesats på 0,52 % over 3 månaders NIBOR på kommunen sitt ordinære bankinnskott. Denne vert frårekna månadleg, og medførte at kommunen fekk utnytta den store renteauken raskt.
2. Kommunen sin bankavtale ga kommunen ein betre rentesats på innskott enn det kommunen måtte betale i lånerente i deler av 2022. Dette medverka til at kommunen tok eit låneopptak tidlegare enn planlagt som førte til at renteinntektene blei enda større enn budsjettert.

Kommunen sine renteinntekter på startlån auka med 11 % i 2022. Årsaka til den beskjedne auken er at startlån vert i dei aller fleste tilfelle gitt med fastrente. Auken i 2022 består difor av at fastrente på nye lån er på eit høgare nivå enn tidlegare år, som fører til ein liten auke.

Kvinnherad fekk i 2022 utbyte på 8,3 millionar kroner frå Eviny(tidlegare BKK). Kvinnherad Energi betalte ikkje ut utbytte i 2022.

Auka kraftprisar aukar handlingsrommet til Eviny til å investere og dele ut utbytte til eigarane. Eviny har informert om at regjeringa sitt høgprisbidrag vil mest sannsynleg fjerne dette handlingsrommet, og utsjånadane for utbytte i 2023 er difor på same nivå som for 2022.

Kvinnherad Energi sin økonomiske situasjon har forbetra seg vesentleg dei siste åra grunna auken i kraftprisar. Selskapet treng kapital for å fortsette rettstvisten med Haugaland Kraft angående forkjopsrett på aksjane i Kvinnherad Breiband, men skal likevel vere i stand til å betale ut eit betydeleg utbytte til kommunen i 2023.

Rentekostnader

Rentekostnadane hamna på 36,4 millionar kroner i 2022, på nivå med budsjett. Dette er derimot ein betydeleg auke frå fjoråret då rentekostnadene var på 28,9 millionar kroner.

	2019	2020	2021	2022
Gjennomsnittleg rentesats	1,782 %	1,780 %	1,611 %	2,110 %
Låneportefølje	1 537 371 287	1 616 738 417	1 748 014 293	1 750 586 023

Kommunen må tilpasse seg eit høgare rentenivå i åra som kjem. Renteauken i 2022 har ikkje slått fullt ut på kommunen sin låneportefølje grunna rentesikringar som er på eit lågare nivå enn den flytande renta. Når desse går ut dei neste åra må kommunen refinansiere på eit høgare rentenivå, slik marknaden ser ut i dag. Rentekostnadane vil difor ta stadig større del av dei kommunale midlane som står til disposisjon og krev ein reduksjon i lånegjeld eller reduksjon i driftskostnader.

Dei fastrenteavtalene som kommunen har pr årsskiftet er:

Fastrenteavtaler pr 31.12.2022			
Bank	Beløp	Utløpsdato	Rentesats
DNB	195 700 000	16.03.2023	1,780 %
Kommunalbanken	215 000 000	14.02.2024	2,145 %
Kommunalbanken	160 374 000	28.02.2024	2,150 %
Kommunalbanken	326 192 000	26.09.2029	2,161 %

Sektorane sine resultat

Drifta hadde i 2022 eit meirforbruk på 15,5 millionar kroner. Dette tilsvarer eit avvik mot budsjett på 1,5 %.

Driftsbudsjett	Rekneskap	Revidert budsjett	Avvik i kr	Avvik i %
Samfunnsutvikling	45 352	45 670	318	0,7 %
Oppvekst	344 284	340 823	- 3 461	-1,0 %
Omsorg, Helse og Sosial	537 348	520 013	-17 335	-3,3 %
Teknikk og Miljø	86 257	83 862	- 2 395	-2,9 %
Administrasjon	43 963	48 537	4 574	9,4 %
Kommunedirektør	15 150	14 655	- 495	-3,4 %
Politikk	12 608	15 867	3 259	20,5 %
Kvinnherad kommune	1 084 962	1 069 427	- 15 535	-1,5 %

Forklaringar til dei største avvika

Samfunnsutvikling

Sektoren leverte eit mindreforbruk på 0,3 millionar kroner (0,7 %). Sektoren omfamnar eit breitt spekter av tenester og det er gjort eit godt arbeid med å gjere tilpassingar for å halde kostnadsnivået til budsjett. Dei største avvika på sektoren mot budsjett er på:

1. Mindreforbruk på løn grunna vakansar
2. Svake billettinntekter på kino
3. Meirinntekter på oppmåling, eigarseksjonering og plansaksbehandling mot budsjett

4. Mindreinntekter på byggjesak mot budsjett

Oppvekst

Sektoren leverte eit meirforbruk på 3,4 millionar kroner (1,0 %). Sektoren viser ei god budsjettdisiplin. Sektoren har levert på dei tilpassingar som er gjort i budsjettet dei siste åra grunna nedgang i elevtal. Dette har medverka til at kostnadsnivået per barn har vore stabilt dei siste åra, trass nedgang i barne- og elevtal. Dei største avvika på sektoren mot budsjett er:

1. Meirkostnader for tilrettelegging i barnehagar for barn med ekstra behov
2. Mindrekostnader i Barn og Familie grunna vakansar

Omsorg, Helse og Sosial

Sektoren leverte eit meirforbruk på 17,3 millionar kroner (3,3 %). Kostnadsutviklinga skuldast i hovudsak auka bruk av vikarar, overtid og vikarbyrå grunna bemanningsutfordringar. I tillegg har stadig aukande kostnader til fastlegetenesta bidrege til meirforbruket. Stadig auke i tal brukarar og stadig meir krevjande rekruttering av fagpersonell krev at kommunen held fram med å effektivisere drifta for å kunne halde på dagens tenestenivå og -omfang. Tabellane under syner at sektoren leverer tenester til stadig fleire brukarar. På same tid er årsverk per brukar i sektoren på veg ned, men er framleis høgare samanlikna med andre kommunar som vitnar om at tenesteomfanget i kommunen er stort. Dette stadfestar gode resultat frå undersøkingar som til dømes Kommunebarometeret.

Mottakarar av helsetenester i heimen					
Helseteneste i heimen	2019	2020	2021	2022	Endring 2019-2022
80 år +	121	142	151	143	18 %
67-79 år	95	94	94	102	7 %
50-66 år	91	94	102	110	21 %
0-49 år	127	135	167	172	35 %

Årsverk per brukar av omsorgstenester				
	2019	2020	2021	2022
Kvinnherad	0,76	0,78	0,73	0,72
Vestland		0,59	0,61	0,62

Kostragruppe 8	0,54	0,60	0,59	0,60
----------------	------	------	------	------

Teknikk og Miljø

Sektoren leverte eit meirforbruk på 2,4 millionar kroner (2,9 %), justert for sjølvkostområda. Dei største avvika mot budsjett i sektoren er:

1. Meirforbruk på byggvedlikehald
2. Meirforbruk innan eining Brann grunna fleire utrykkingar og auka lønskostnader

Administrasjon

Administrasjon leverte eit mindreforbruk på 4,6 millionar kroner (9,4 %). Det er bevisst gjort grep i Administrasjon i løpet av hausten 2022 for å redusere det totale meirforbruket i kommunen. Andre årsaker til mindreforbruket er:

1. Mindreforbruk på lærlingar mot budsjett
2. Meirinntekter på IT
3. Attståande midlar på etableringstilskot

Kommunedirektør

Området Kommunedirektør leverte eit meirforbruk på 0,5 millionar kroner (3,4 %). Meirforbruket kjem av at økonomisjef vart plassert under kommunedirektør i løpet av 2022 utan at det vart teke tilsvarende budsjettrevisjon av lønsmidlane frå Administrasjon.

Politikk

Politikk leverte eit mindreforbruk på 3,3 millionar kroner (20,5 %). Hovudgrunnane til mindreforbruket er:

1. Mindreforbruk på tapt arbeidsforteneste
2. Avsette midlar til straumstøtte (7,5 millionar kroner) vart ikkje brukt opp

Investeringar i 2022

Alle investeringar	259 297 315

Årsmelding 2022

Vatn	6 403 652
Avløp	15 445 656
Veg, park og idrett	18 963 296
Bygg	154 378 540
Eigendom	10 147 178
Teknikk og Miljø	14 060 946
Vedlikehald bygg	8 970 745
Vedlikehald veg, park og idrett	21 679 296
Andre prosjekt	9 248 005

Kvinnherad kommune investerte for 259,3 millionar kroner i 2023. Investeringskostnadene var godt fordelt mellom alle område, men Bygg skilte seg naturlegvis særleg ut grunna bygging av Kvinnherad Arena. Kvinnherad si satsing på veg og infrastruktur i kommunen held fram, totalt blei det investert for over 40 millionar kroner i 2023 innan dei to områda til veg, park og idrett.

	259	111	177	126
Alle investeringar	297	821	534	297
	315	444	827	878

Framdrifta på investeringsprosjekta var god i 2022. Det totale investeringsnivået var det høgaste på mange år og var over dobbelt så høgt som i 2021. Igjen er Kvinnherad Arena stor årsak til denne utviklinga. Investeringar knytt til Kvinnherad Arena utgjorde rett under halvparten av dei totale investeringane til kommunen i 2022. Dei største investeringane i 2022 var:

Kvinnherad arena	118 025 588
Kommunale vegar/kaiar	21 679 296
Oppvekstkårplan	11 800 967
Veg til nytt bustadområde på Husnes	10 532 649
Avløpstiltak Ænes	9 900 768
Grunnkjøp/tilrettelegging m.m.	9 864 314
Kjøp av private bustader	7 819 085

Årsmelding 2022

Kai Børneset	7 080 527
Ombygging kommunale bygg	7 026 662
Brannstasjon struktur	6 798 639

I 2022 blei det budsjettert med nye investeringar på 412,7 millionar kroner, i tillegg hadde kommunen ikkje-fullførte investeringar ved årsskiftet 2021/2022 på 173,0 millionar kroner. Totalt budsjetterte investeringar var dermed på 585,7 millionar kroner.

Det har vore eit fokusområde i økonomiforvaltinga dei siste åra å tilpasse investeringsbudsjettet i større grad til faktisk framdrift på investeringsprosjekta. I 2022 blei det opphavlege investeringsbudsjettet revidert ned med 196,6 millionar kroner. Dette førte til at nytt låneopptak blei redusert frå 227,6 millionar kroner til 60,0 millionar kroner. Resultatet av dette fokusområdet kan oppsummerast med følgjande punkt:

- Lånegjelda har vore stabil dei to siste åra på trass av store investeringar
- Låneopptak vert gjort tettare opp til investeringa vert gjennomført
- Unyttta lånemidlar er i 2022 redusert frå 134,5 millionar kroner til 51,6 millionar kroner

Dei to siste åra har fullførte investeringar vore betydeleg større enn låneopptaket til kommunen. Dette fører til ein svekking av likviditetssituasjonen. Men desse grepa svarer opp på revisor sine merknader om kommunen si finansforvaltning, og sikrar at Kraftfondet i større grad er finansiert med eigne midlar og ikkje lånefinansiert. Kommunedirektør vurderer det som ein stor finansiell risiko som kommunen ikkje bør spekulere i.

Balansen

Kommunen sin samla balanse var verdt 5,6 milliardar kroner ved utgangen av 2022. Kommunen sin likviditet blei redusert frå 231 millionar kroner til 160 millionar kroner i løpet av 2022.

Anleggsmidlar	2 306 548 521	2 111 712 561
Finansielle anleggsmidlar	260 592 435	257 349 076
Pensjon	1 656 769 480	1 563 253 591
Utlån	186 629 669	210 743 324
Bank	160 380 761	230 982 852
Kraftfondet	909 195 709	919 673 392
Kortsiktige fordringar	94 303 134	87 311 474

Årsmelding 2022

Premieavvik	70 542 767	51 271 542
-------------	------------	------------

Den langsiktige gjelda, som består av banklån og husbanklån, var stabil i 2022. Den kortsiktige gjelda (leverandørgjeld, feriepengar, skattetrekk, osv.) var på 199 millionar kroner, ei auke frå 185 millionar kroner frå året før.

Arbeidskapitalen er som følger:

Bank	160 380 760
Kortsiktige fordringar	94 303 134
Kortsiktig gjeld	- 185 013 700
Arbeidskapital	69 670 194

Arbeidskapital på omtrent 70 millionar kroner er for lågt for ein balanse på 5,6 milliardar kroner. Den arbeidskapitalen skal betene kommunen sine forpliktingar når avsette midlar på fond og disposisjonsfond vert brukt.

Disposisjonsfond	276 890 219
Ubundne kapitalfond	173 642 332
Bundne driftsfond	78 062 703

Dette betyr at når bruken av fonda overstig arbeidskapitalen vil det krevje nedsal frå Kraftfondet for å kunne betene dei forpliktingane.

Kraftfondet hadde ein verdi på 909 millionar kroner ved utgangen av året. I balansen er berre 771,5 millionar kroner av verdien finansiert gjennom avsette fond og eigenkapital. Det betyr at ved utgangen av året var omtrent 138 millionar kroner av Kraftfondet lånefinansiert. Kommunen har ikkje lov til å

lånefinansiere aksjekjøp, men dette er gjort mogleg ved at det ikkje er gjort nedsal frå Kraftfondet tilsvarande den avkastninga som er brukt til drift. Det har ikkje før no skapt problem for likviditeten på grunn av store unytta lånemidlar, det vil sei at det er tatt opp lån til investeringar som ikkje er fullført.

Verdien 31.12.2022	909 195 709
Finansiert med:	
Kapitalfond	- 494 705 883
Disposisjonsfond	- 276 890 220
SUM	- 771 596 102
Avvik	137 599 607

Konsekvensane av dette er:


- Nedsal frå Kraftfondet tilsvarande den lånefinansierte delen når alle investeringar vert fullført
- Bruk av disposisjonsfondet vil krevje tilsvarande nedsal frå Kraftfondet

Dersom kommunestyret ønskjer å behalde verdien av Kraftfondet til dei neste generasjonar må følgjande tiltak gjennomførast:

- Driftskostnadane må reduserast eller inntektsnivået må auke for å forbetre driftsresultatet og unngå nedsal
- Større del av avkastninga må settast av til bundne fond, avsett til framtidige generasjonar

Organisasjon og styring

Organisasjonen Kvinnherad kommune byggjer på nokre prinsipp. For at organisasjonen skal fungera er det viktig at alle har ei felles forståing av prinsippa som me ynskjer å byggja organisasjonen rundt.



Prinsippa er:

- Organisasjonen som eit heile
- Organisering med utgangspunkt i tenestene
- Tydeleg leing og meir bruk av prosjektorganisering
- Rett og plikt til å delta i organisasjonen
- Rett og plikt til samhandling
- Vekt på fellesskapsløysingar
- Fokus på organisasjonen sin bruk av fellesskapsløysingar
- Laga system for ein lærande organisasjon

Administrasjon


Kommunedirektør er kommunen sin øvste administrative leiar og er ansvarleg for saksutgreiingar for folkevalde organ og iverksetjing av politiske vedtak. Kommunedirektøren sitt ansvar og mynde er nærare skildra i delegasjonsreglementet som er vedteke av kommunestyret.

Sektorleiarane er ansvarlege for sine sektorar innafor ramma av dei fullmakter som er delegert frå kommunedirektøren. Det inneber at sektorleiarane har myndigheit til å sikra einingane si drift, både når det gjeld faglege, økonomiske, personalmessige og organisatoriske høve.

Einingsleiarane for dei einskilde einingane skal ha fokus på drift og tenesteproduksjon. Kvalitetsutvikling skal stå sentralt. Einingsleiarane har også ansvar for oppfølging av kvar einskild tilsett. Personalarbeid skal vera prioritert.

Kommunen skal både sikra effektiv drift og ivaretaking av tilsette, syta for gode tenester til innbyggjarane, og samtidig ha fokus på nødvendig utviklingsarbeid og innovasjon i tråd med samfunnet og innbyggjarane sine behov.

Politikk



Kommunestyret har 35 medlemmer med varamedlemmer, valde av dei røysteføre innbyggjarane i kommunen, etter reglar fastsett i lov. Valet gjeld for den kommunale valperioden. Kommunestyret er det øvste kommunale organ og har det totale ansvar for kommunen si samla verksemd, slik det går fram av kommunelova.

Formannskapet har 9 medlemmer i tillegg til varamedlemmer valde av kommunestyret etter dei reglar som går fram av kommunelova. Ordførar leiar møta i formannskapet.

I tillegg til det ansvar og dei gjeremål som er pålagde formannskapet direkte etter kommunelova, har formannskapet hovudfokus på utvikling av kommunen.

Kommunestyret har oppretta tre hovudutval, med 7 medlemmer i kvart utval.

- Forvaltningsutvalet
- Plan, teknikk og miljøutvalet
- Levekårsutvalet

Under føresetnad av at mynde ikkje er delegert til kommunedirektør, skal utvala handsama, vedta eller gje innstilling til kommunestyret i saker av prinsipiell karakter etter følgjande lover med tilhøyrande forskrifter.

--	--	--	--

Kommunestyret	8	126
Formannskapet	10	86
Forvaltningsutvalet	9	97
Levekårsutvalet	8	48
Plan, teknikk og miljøutvalet	7	30
Administrasjonsutvalet	4	11
Investeringsutvalet	7	13
Eldrerådet	10	
Ungdomsrådet	4	
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	9	

Arbeidsgjevar

Kvinnherad kommune er den største arbeidsgjeveren i kommunen med ca. 1165 årsverk. Kommunen er ei kunnskapsbedrift der tilsette og leiarar utgjør den viktigaste ressursen for å yta gode tenester.

Å rekruttera, utvikla og behalda tilsette, jobba systematisk for felles identitet og kultur, ivareta tilliten til kommunen og ha evne til å digitalisera og utvikla er difor sentrale innsatsområde.

Arbeidsmiljølova, hovudavtalen og hovudtariffavtalen (HTA)

Definerer rammer for tilsette sin rett til medbestemming og involvering.

Samhandlingsformer

Uformell kontakt - Drøftingar - Informasjon - Forhandlingar

Samhandlingsmøte HTV - HVO - Arbeidsgjevar skjer på overordna nivå kvar månad. Sakliste og referat frå alle møte. Sektorane har møteplan for HTV og HVO innan eigne tenestekområde.

Løn - lønspolitisk plan

Gjeldande hovudtariffavtale regulerer i stor grad lønsfastsetjinga i kommunen. Mange store yrkesgrupper i kommunen har løn i høve til sentralt fastsett minsteløn, med eventuelle endringar gjort i lokale lønsforhandlingar. Andre får løna si fastsett i lokale forhandlingar med grunnlag i føringar i hovudtariffavtalen (HTA) og eventuelle lokale føringar avtalt mellom partane.

Ved tilsetjing i einskilde stillingar vert det gjeve "løn etter avtale". Det vert her teke omsyn til generelt lønsnivå i tilsvarande stillingar og bransje, kompetanse, rekrutteringsbehov og krav frå søkjar.

I 2022 vart det gjennomført lokale lønsforhandlingar i kap. 3 og 5. Kommunedirektør vurderer at lønsoppgjeret ikkje endra lønstilhøva mellom kvinner og menn.

Lønspolitisk plan er revidert etter at lønsoppgjeret var klart.

Kompetanse

Å sikra oppdatert/ny kompetanse er ei utfordring for kommunen. Å utvikla eigne tilsette ved å yta økonomisk støtte til ny og oppdatert kompetanse hos tilsette vil vera svært viktig framover. Slik støtte vert i dag belasta den enkelte sektor. Dette kjem i tillegg til øyremerkta midlar frå stat og fylkeskommune.

Overordna kompetanseplan og sektorvise planar definerer andre ordningar på område der det er spesielle behov for kompetanse, til dømes frikjøp frå jobb til studie, som kan vera eit verkemiddel for å få fleire til å ta meir utdanning.

Kommunen sin e lærings-portal KS-læring gjev alle tilsette i kommunen tilbod om kompetanseløft innan ulike område.

Likestilling

Kommunen skal følgja krava i lova og ha gode prosessar knytt til rekruttering og tilsetjing for å ivareta korrekt kjønnsfordeling, mangfald, like moglegheiter og likeverdig rett til deltaking for alle tilsette uavhengig av kjønn, alder, nasjonalitet, etnisitet, funksjon og bakgrunn. Kjønnssfordeling mellom kvinner og menn syner at over 70% av kommunen sine tilsette er kvinner.

Livsfasepolitikk

Kommunen som arbeidsgjevar skal leggja til rette for at tilsette sine behov i ulike livsfasar i størst mogleg grad blir imøtekomne. Livsfasepolitikk skal spegla av likeverd for alle tilsette. Det skal takast omsyn til tilsette i ulike fasar av livet der behov og moglegheiter varierer. Arbeidsgjevar skal sjå rammevilkåra for arbeids- og privatliv i samanheng, og leggja til rette for at den enkelte skal kunna kombinera privatliv med eit aktivt yrkesliv.

Diskriminering

Likestillings- og diskrimineringslova skal fremja likestilling, sikra like moglegheiter og rettar og hindra diskriminering knytt til etnisitet, nasjonalitet, avstamming, hudfarge, religion og livssyn. Kvinnherad kommune forhold seg til Hovudtariffavtalen i samband med tilsetjingar og fastsetjing av løn.

Hovudtariffavtalen har nøytralt lønssystem som i tillegg til stillingskode baserer seg på den tilsette sin formal- og realkompetanse. Partssamarbeid ved utlysingar, tilsetjingar og forhandlingar har fokus som eit ledd i arbeidet med å forhindra diskriminering og sikra at personalarbeid er i samsvar med aktuelt lov og regelverk.

Heiltidskultur:

Dette er eit område der det har vore stadig auka fokus i året som gjekk og det grunnlag er laga for ein konkret handlingsplan i året som kjem.

Lærlingar

I 2022 hadde kommunen lærlingar innanfor helsefagarbeidar, barne- og ungdomsarbeidarfag og feiaryrket, i alt 25 lærlingar.

- Seks lærlingar avslutta læretida si med fagbrev – fire helsefag og to barne- og ungdomsarbeidar.
- Ni lærlingar fekk tilbod om læreplass, tre slutta av ulike årsaker etter kort tid.
- To tilsette fullførte “fagbrev på jobb” som helsefagarbeidarar. Fagbrev på jobb inneber at den tilsette går i si eiga stilling, og får opplæring på arbeidsplassen. Målgruppa her er vaksne som har fullført grunnskule og som har lang praksis frå lærefaget.

Fordeling tenesteområde:

- To lærlingar og éin elev som går TAF-linja innan helsefag, dvs. at ein kjem ut med eit fagbrev og studiekompetanse etter fire år.
- 16 helsefagarbeidarar
- Éin feiar
- Åtte barne- og ungdomsarbeidarar
- 1 lærling innan tømrarfaget

Mangfald i tenesteområde:

- Helsefagarbeidar har læretida si fordelt på sjukeheim, heimeteneste, bu og habilitering og innan rus og psykiske helsetenester.
- Barne- og ungdomsarbeidar har læretida si fordelt mellom barnehage og skule, men har òg moglegheit i Bufellesskap for barn og unge 0-18 år.
- Feiarlærling er organisert under eininga for brann.
- Tømrarlærling innan Bygg og drift.

Fellessamling for nye lærlingar:

Hausten 2022 arrangerte kommunen ei samling for nye lærlingar og instruktørar. Ordførar og kommunedirektør deltok saman med rettleiingstenesta i Vestland fylke.

Internkontroll og HMT

Overordna retningslinjer:

Kommunen har overordna, felles retningslinjer og rutinar som grunnlag for styring, kontroll og rapportering. Det vert jobba kontinuerleg med vidareutvikling og vedlikehald av kommunen sitt kvalitetssystem.

Alle prosedyrar og rutinar er gjenstand for revisjon gjennomsnittleg éin gong per år.

Kvalitetssystem:

Compilo er Kvinnherad kommune sitt elektroniske system for HMT og kvalitet.

Her ligg alle overordna planar, samt rutinar og prosedyrar for førebygging og handtering av arbeidsoppgåver som kan innebera risiko for skade.

Tilgangar:

Alle tilsette skal ha tilgang til Compilo. Systemet vert nytta til registrering og handtering av avvik, uynskte hendingar og forbettringsforslag. Det er også mogleg å nytta Compilo til varsling etter AML § 2 A-1.

Kvalitetssystemet skal fremja eit forbettringsarbeid i kommunen innan:

- Arbeidsmiljø og tryggleik
- Førebygging av helseskade eller miljø-forstyrringar frå produkt eller forbrukartenester
- Vern av det ytre miljø mot forureining og betre handsaming av avfall

Avvik:

Tal avvik vert rapportert kvar månad og er ein del av kvartalsrapporteringane til politisk hald. Det er lagt ut god informasjon på intranett der det også er laga ei oversikt over dei tre ulike kategoriane avvik og kva som er varsling.

Varsling

Forvaltningsrevisjon av varslingsrutinar er gjennomført, og det er laga ein handlingsplan for varslingsrutinar som vert jobba med i heile organisasjonen. Varslingsrutinar er eit område som kommunedirektør og resten av organisasjonen har ekstra fokus på i 2022. Det har vore utført mykje arbeid knytt til både systemmessig, kunnskapsmessig og via haldningsskapande arbeid i organisasjonen.

Tilsyn:

Deloitte har hatt nokre tilsyn på oppdrag frå kontrollutvalet:

- Eigarskap- og forvaltningsrevisjon Kvinnherad vekstbedrift
- Varslingsrutinar i Kvinnherad kommune

Kommunen har sjølv tilsynsfunksjonar på enkelte område:

- Kommuneadministrasjonen har hatt samtalar med skjenkestader med råd og hjelp for å ivareta alkohollov- og forskrift
- Barnehagane i Sunnhordland fører tilsyn med kvarandre
- Branntilsyn vert utført gjennom året
- El-tilsyn

Eksterne tilsyn:

- Tilsyn frå Riksarkivet 07.06.2022
- Arbeidstilsyn NAV - Oppstart september 2022

Årsmelding 2022

- Mattilsynet revisjon av Husnes Vassbehandlingsanlegg 22.03.2022
- Tilsyn frå Statsforvaltaren avlastningsordning i kommunen

Eksterne tilsyn som er gjennomført er behandla og følgt opp på einingsnivå.

Resultat

Årsverk:

	Tilsette 31.12.2022	Årsverk 31.12.2022	Tilsette 31.12.2021	Årsverk 31.12.2021	Tilsette 31.12.2020	Årsverk 31.12.2020
Oppvekst	476	414,7	483	420,9	492	423,2
Omsorg, Helse og Sosial	795	563,2	811	564,1	833	568,5
Teknikk og miljø	166	89,9	172	93,1	170	92,4
Samfunnsutvikling	50	41,4	46	38,4	47	39,5
Adm. inkl. KD/politikk	61	56,2	61	55,9	70	64,5
Kvinnherad kommune	1548	1165,4	1573	1172,4	1612	1188,1

Sjukefråvere:

Sjukefråvere	2022	2021	2020
Kvinnherad kommune	9,70 %	10,20 %	9,00 %
Oppvekst	9,30 %	9,70 %	8,80 %
Teknikk og Miljø	9,60 %	9,70 %	9,30 %
Omsorg, Helse og Sosial	10,80 %	11,30 %	9,80 %
Administrasjon	3,80 %	6,20 %	6,70 %
Samfunnsutvikling	5,60 %	3,40 %	4,50 %

Heiltid/deltid:

Oversikt Kvinnherad kommune:

Nøkkeltal samla 2020-2022	2022	2021	2020
Tal årsverk	1165,4	1172,4	1188,1
Tal tilsette	1548	1573	1612
Tal heiltid (heile kommunen)	47,6	45,4	44
Tal lærlingar	26	20	21
Del kvinner	85,3 %	84,9 %	83,9 %
Sjukefråvær	9,70 %	10,20 %	9,00 %
Avvik, HMT	347	578	628

Samfunnsutviklar

Befolkningsutvikling, sysselsetting og bustadproduksjon er alle element som kan fungere som temperaturmålarar på samfunnsutviklinga i kommunen, og indikatorar på kor attraktiv kommunen vert oppfatta for å busette seg og arbeide i. I tillegg vil befolkningsutviklinga og sysselsettinga påverke kommunal drift og Kvinnherad-samfunnet generelt.

Ved utgangen av 2022 hadde Kvinnherad 13.058 innbyggjarar. Dette var ein auke på 41 innbyggjarar i 2022 i følgje SSB sin statistikk. Fødselstalet var relativt høgt for andre året på rad, med 129 fødde i løpet av 2022. Dette er det høgaste fødselstalet sidan 2015. Tal døde i 2022 på 151 personar er det høgaste talet i SSB sin databank som går tilbake til 1951. Dette førte til eit fødselsunderskot på 22 personar. Demografien i kommunen tilseier at fødselstalet må auke ytterlegare for å bremse opp fødselsunderskotet i kommunen dei neste åra.

Nettoinnflytting på 61 personar bidrog til befolkningsauken i 2022. Den positive nettoinnflyttinga kom av at tal utflyttingar til andre kommunar i Noreg var på eit mykje lågare nivå enn tidlegare år. Dette talet var på 285 i 2022, medan snittet for dei 5 føregåande åra var på 355.

Innbyggjarar ved inngangen av året	13 071	13 039	13 017
Fødde	104	126	129

Døde	114	130	151
Fødselsoverskot	-10	-4	-22
Innflyttingar	333	370	375
Utflyttingar	356	388	314
Nettoinnflytting	-23	-18	61
Folketilvekst	-32	-22	41
Innbyggjarar ved utgangen av året	13 039	13 017	13 058

Sysselsettinga i kommunen auka frå 6420 personar i 2021 til 6467 i 2022. Dette er ein auke på 47 personar i arbeid, som utgjer ein vekst på 0,7 %. Dette er det høgaste talet sysselsette sidan 2014. Auken kan hovudsakleg forklarast av at tal sysselsette som del av befolkninga i yrkesaktiv alder har auka frå 68,0 % til 68,4 %. Arbeidsløysa i kommunen gjekk i same periode ned frå 1,7 % til 1,2 %.

Auken i yrkesdeltaking har hatt ein positiv trend dei siste åra. Yrkesdeltakinga på 68,4 % av personar i yrkesaktiv alder er det høgaste talet sidan 2011. Auken frå fjoråret kjem hovudsakleg av at yrkesdeltakinga blant menn har auka. Denne har auka frå 70,5 % til 71,7 % for alle aldersgrupper. Isolert har også alle aldersgrupper ein auke i yrkesdeltakinga blant menn.

På same tid gjekk aldersdeltakinga blant kvinner ned frå 65,4 % til 64,9 % i løpet av 2022. Alle aldersgrupper utanom 67-74 år hadde ein nedgang i yrkesdeltakinga. Samstundes har yrkesdeltakinga blant kvinner hatt ein positiv trend frå 2017 når den var på 63,0 %.

Sysselsette i prosent av befolkninga 15-74 år			
	2020	2021	2022
Begge kjønn	67,6	68	68,4
15-19 år	47,3	50,5	52
20-24 år	73,5	71	71,7
25-39 år	83,2	83,9	83,6
40-54 år	83,7	84,3	83,8
55-66 år	68,5	69	69,4
67-74 år	19,1	18,7	20,9

Årsmelding 2022

Menn	70,8	70,5	71,7
15-19 år	46,9	48,9	51
20-24 år	74,6	72,3	74,3
25-39 år	86	86,3	86,5
40-54 år	85,8	85,4	86,3
55-66 år	73,4	73,9	75,1
67-74 år	26,6	25,2	27,6
Kvinner	64,2	65,4	64,9
15-19 år	47,7	52,4	53,2
20-24 år	72,2	69,5	68,5
25-39 år	80,2	81,4	80,5
40-54 år	81,6	83,2	81,3
55-66 år	63,2	64	63,6
67-74 år	11,3	11,7	13,7


Sysseissetinga i kommunen har i 2022 hatt ei dreining frå konjunktursensistive bransjar som overnatting- og serveringsverksemd og transport til bransjar som jordbruk, industri og helse- og sosialtenester. Tal sysseissete innan offentleg administrasjon har også gått ned med 11 % i løpet av året.

00-99 Alle næringer	6420	6467	47	1 %
01-03 Jordbruk, skogbruk og fiske	384	415	31	8 %
05-09 Bergverksdrift og utvinning	250	249	-1	0 %
10-33 Industri	996	1025	29	3 %
35-39 Elektrisitet, vann og renovasjon	101	104	3	3 %
41-43 Bygge- og anleggsvirksomhet	580	581	1	0 %
45-47 Varehandel, reparasjon av	617	609	-8	-1 %

Årsmelding 2022

motorvogner				
49-53 Transport og lagring	275	263	-12	-4 %
55-56 Overnattings- og serveringsvirksomhet	149	128	-21	-14 %
58-63 Informasjon og kommunikasjon	83	80	-3	-4 %
64-66 Finansiering og forsikring	18	19	1	6 %
68-75 Teknisk tjenesteyting, eiendomsdrift	257	272	15	6 %
77-82 Forretningsmessig tjenesteyting	181	198	17	9 %
84 Off.adm., forsvar, sosialforsikring	235	209	-26	-11 %
85 Undervisning	497	484	-13	-3 %
86-88 Helse- og sosialtjenester	1612	1640	28	2 %
90-99 Personlig tjenesteyting	140	143	3	2 %
00 Uoppgitt	45	48	3	7 %

Frå byggesaksavdelinga har det vore gitt 32 igangsetjingsløyve i 2022. Statistikken under syner ein generelt stor aktivitet innan bustadbygging i Kvinnherad kommune. Totalt vart det gitt 125 rammeløyve, igangsetjingsløyve eller ferdigattest i 2022. Dette er ein liten auke samanlikna med gjennomsnittet dei siste 4 åra.



Grøn Næringspark

Grøn Næringspark blir lokalisert vest for Hydro og aust for fylkesveg 48, like utanfor Husnes sentrum. Nord for området ligg Husnes Industripark, som er eit etablert næringsområde med nokre få ledige tomter. Her ligg òg Stripo Eigedom, eit næringsområde i privat eige med ei blanding av etablerte verksemdar og ledige tomter. Grøn Næringspark blir ei naturleg utviding av eksisterande industriområde. Husnes er regionsenter i Kvinnherad og vil vere eit naturleg knutepunkt for næringsutvikling i regionen. Det er etablert industri, med Hydro som «spydspiss», i området. I tillegg til etablert industri og tilgjengeleg kompetanse, er Husnes godt lokalisert med tanke på kraftforsyning.

I januar vart det arrangert ope informasjonsmøte med orientering om Grøn Næringspark. Møtet vart halde digitalt grunna smitte situasjon knytt til korona.

Hardanger Biogass har fått støtte på kr 35 mill. frå Enova og ønskjer å tiltre avtalen om kjøp av tomt på 12 daa frå Kvinnherad kommune.

Det er gjennomført eit første planleggingsmøte med Kvinnherad kommune i høve infrastruktur som skal byggast i tråd med intensjonsavtale.

Endeleg investeringsvedtak august 2023

Vedtak i Kvinnherad kommunestyre 24.11.2022:

Kvinnherad kommune etablerer selskapet Grøn Næringspark Kvinnherad. Finansieringa av selskapet blir handsama i kommunen sin ordinære budsjettprosess.


Før etableringa av selskapet må det framforhandlast avtalar om avståing av grunn som sikrar tilgang til nok areal på land og som sikrar tilgang til sjø. Avtalane skal leggjast fram for kommunestyret for godkjenning innan utgangen av februar.

I budsjett for 2023 er det sett av kr 25 mill. og i økonomiplan er det sett av ytterlegare kr 25 mill. årleg i dei tre åra 2024-2026.

Møte med private grunneigarar er planlagt til januar 2023.

Det er gjennomført fleire møte med Hydro Husnes, og kommunen har motteke oversikt over totalt areal som dei ønskjer å selje/overdra til Kvinnherad kommune. Forhandling om pris

Det er motteke tilbod om kjøp av areal ved sjø frå Stripo Eigedom As.



Figur: Skisse som viser nokre etablerte kvalitetar og framtidige moglegheiter i området for Grøn Næringspark.

Kvinnherad Arena

Arbeidet med Kvinnherad Arena har i 2022 gått etter planen. Innandørs løpebane, sal for kampsport, styrkerom, turnhall og klatre-hall er berre noko av det kjekke og etterlengta tilbodet! Sommaren 2022 vart tilsett dagleg leiar som skal administrera og koordinera bruka av hallen.

1. 2x handballflater
2. Basishall for turn
3. Klatrehall 1 etg., lite buldrerom 2 etg.
4. Hovudinngong
5. Garderobar
6. Kampsport/Aktivitetssal 2.etg
7. 60m innandørs løpebane
8. Styrkerom 2. etg
9. Parkeringsplass
10. Tilkomstveg
11. Skuleinngang/ Inngang garderobar
12. Gangveg ned til grusbane



Tre flotte representantar frå kommunen vår

Samferdsle

I Kvinnherad er det 232 km fylkesveg, av dette er vel 90 km regionale hovudvegar. Det finst ikkje lenger nasjonale hovudvegar i Kvinnherad. Til saman utgjer fylkesvegnettet i Kvinnherad 4,2 % av fylkesvegane i Vestland og i vårt fylke er det berre tre kommunar som har meir fylkesveg enn Kvinnherad. Det er 9 ferjekaier og det er - noko avhengig av teljemåten - 11 ferjesamband til/frå og internt i Kvinnherad. Kvinnherad har særskild tungvinn tilknytning til resten av Sunnhordlandregionen og til fylkessenteret Bergen.

Det er stor trong for rassikring, og fylkesvegnettet har preg av eit stort og aukande vedlikehaldsetterslep. Langs det regionale hovudvegnettet har ikkje Fv500 på strekkjene Folgefonntunnelen – Rosendal og Husnes – Ranavik samanhengande tofelts veg. Det same gjeld Fv49 Austrepollen – Nordrepollen. Det er også strekkjer med tofelts veg som har bruer med berre eitt felt (Rosendal, Dimmelsvik og Uskedalen).

Mange barn i Kvinnherad har utrygg skuleveg. Fleire bygder langs dei mest trafikkerte fylkesvegstrekkjene manglar tilfredsstillande gang- og sykkelvegar.

Ungdom har få moglegheiter til å ta seg fram med buss til fritidsaktivitetar. Med stivare ruter vil buss- og snøggbåttilbod tene innbyggjarar og næringsliv betre. Kollektivtilbodet både på sjø og land treng såleis auka tal på avgangane, få betre korrespondanse og meir effektive ruter.

I vid tolking omfattar samferdsle også den digitale infrastrukturen. Det er særskild god fiberdekking i Kvinnherad, men dette må kompletterast nokre stader. Mobilnettet har god dekking i kommunen sine sentrale delar, men det er trong for å tette nokre hol langs vegnettet og i einskilde bygder. Nærings- og beredskapsomsyn tilseier at dei store fjellområda i kommunen bør få betre mobildekking.

Kommunen sitt arbeid med samferdsle er mykje konsentrert om dette:

- Trafikktrygging for mjuke trafikantar
- Ei god kopling mellom Kvinnherad og E39
- Prioritering av ferjeavløysingsprosjekta Fjelbergsambandet og Sunnfast
- Oppgradering, vedlikehald og rassikring av fylkesveg
- Få på plass eit samordna kollektivsystem med snøggått og buss
- Gjennomføring av «Kvinnheradpakken» og vidareutvikling av samarbeidsprosjekt

Kommunen sine satsingsområde

Visjon og verdier:

Saman om utvikling og gode tenester

Legg til grunn at me saman skal skapa eit aktivt og godt samfunn

Respekt – Omsorg – Tydeleg - Ærleg

Kommunen sine fire verdier skal vera styrande for utøving av arbeidet og då særleg i samhandling mellom tilsette.

Tydelege verdier

I kommunal sektor er det dei folkevalde som vedtek overordna mål og prioriteringar, og dermed dei ytre rammer for korleis utøva leiaraskap. Leiarar skal kjenna til rammene som er gjevne gjennom lov- og regelverk, reglar, rutinar og retningslinjer, og kan då nytta handlingsrommet sitt på ein god måte. Dette gjer leiarane tryggare i rolla si, og saman med evne til etisk tenking, vil det gje legitimitet til dei avgjerdene leiarane må ta.

Tydeleg mandat

Kommunelova set rammer for kommunen sitt samfunnsoppdrag og for styring og leiing av ein kommune. Kommunestyret er øvste organ for dei folkevalde og fattar vedtak på vegner av kommunen så lenge ikkje anna er styrt av lov eller delegering. Folkevalde har delegert arbeidsgjevaransvar og budsjettansvar til kommunedirektør, som har delegert vidare i organisasjonen. Kva som er delegert er difor ei viktig avklaring for våre leiarar slik at dei kan nytta seg av heile det handlingsrommet ei har mynde til. Å vera leiar inneber å kunna ta val og prioritera for å nå måla saman med andre.

Hovudmål:

Kommuneplanen er kommunen sitt viktigaste styringsdokument, og legg premiss for alt anna planarbeid og driftsinvesteringsbudsjett som ligg i handlingsdelen. Kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedteken i juni 2022. Kommuneplanen byggjer på berekraftsmåla og set desse inn i lokal kontekst. Med utgangspunkt i berekraftsføremål er det i kommuneplanen skildra 10 hovudmål for Kvinnherad, sortert i perspektiva **Grøn, Frisk og Attraktiv**.

- Vegsamband og offentleg kommunikasjon
- Folketalsvekst
- Gode rammevilkår for næringslivet
- Netto null-utsleppskommune

- Berekraftig utvikling av jord-skog- og fjordbruk
- Samfunn med små skilnader
- Variert og inkluderande frivillig sektor
- Gode tenester til innbyggjarane i alle fasar av livet
- God beredskap
- Attraktiv arbeidsgjevar

FN sine berekraftsmål:

Kvinnherad kommune sitt arbeid med å implementera FN sine berekraftsmål skjer først og fremst gjennom plansystemet, i tillegg skjer implementering gjennom administrativ verksemdsstyring. Eit av tiltaka er at alle saker som vert lagt fram for politisk handsaming skal vera vurdert i høve økonomisk berekraft, miljø og klima berekraft, sosial berekraft og berekraftsføremål 17 om samarbeid. Det er såleis eit fokus på å styrkja innsatsen knytt til desse fire berekraftsmåla.

Økonomisk berekraft:

Stabilitet i den økonomiske politikken er eit mål for Kvinnherad. For å ivareta kommunen si økonomiske berekraft er det innført handlingsreglar for driftsbudsjett, investeringsbudsjett og finansforvaltning. Fokus på økonomistyring, med gode system for oppfølging og rapportering, skal bidra til økonomisk handlingsrom.

Dei frie inntektene ligg over gjennomsnittet for norske kommunar, medan kostnadsnivået er høgare enn samanliknbare kommunar. det er høge ambisjonar og høgt tempo for investeringar, og gjeldsgraden er over nivået i handlingsregelen. Ein av strategiane i samfunnsdelen er fokus på i alle samanhengar å jobba for auka effektivisering og redusera driftskostnader. Dette arbeidet må vidareførast i økonomiplanperioden.

Samarbeid på tvers:

Tverrsektorielt samarbeid internt og eksternt, regionalt og nasjonalt har vore fokus i året som gjekk og er ein føresetnad for å nå måla i kommuneplanen. Arbeid med temaplanar på viktige område har starta opp, og i planarbeidet vert det gjennomført omfattande medverknadsprosessar med andre kommunar, fylkeskommune, næringsliv, innbyggjarar, politikar og frivillige. Samarbeid må vidareførast framover og formaliserast gjennom kunnskapsdeling, aktivitet og felles prosjekt.

Oppfølging av vedtak og oppdrag

Status oppdrag for kommunen

Verbalvedtak

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
Eigarskapsstrategi	Kvinnherad kommune skal ha ein tydeleg eigarskapsstrategi som verdset lokalt eigarskap.	Ferdig	Vedtak i kommunestyret mars 2022.
Etablering av fond for klima, miljø og berekraftig	Kommunestyret ber kommunedirektøren leggja fram sak om korleis vi kan etablere eit generelt fond for klima, miljø og/eller berekraftig utvikling,	Ikkje starta	

Årsmelding 2022

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
utvikling	basert på å setja av ein del av kommunen sine fondsmidlar, etter modell av næringsfondet, der avkastninga kan delast ut til relevante tiltak etter søknad. kommunedirektøren utarbeider framlegg til kriterier.		
Politisk arbeidsgruppe for eigedomsskatt	Det skal setjast ned ei politisk arbeidsgruppe for eigedomsskatt, som i vårsesjonen skal leggja fram forslag til nytt opplegg basert på det arbeidet som har vore i 2021.	Ferdig	Arbeidsgruppa vart etablert og utførte sitt arbeid gjennom året. Kommunestyret vedtok endringar i eigedomsskatten seinhaustes 2022.
Reguleringsplan av trafikkisikring på Løfallstrand	Kommunestyret ber om at det vert starta opp arbeid med reguleringsplan for trafikkisikring i Løfallstrand i lys av at «kote 70» ikkje er aktuelt lenger.	Ikkje starta	
Sak om sal av eigedommar	Kommunedirektøren skal leggja fram ei sak med oversyn over eigedomar, eks. bustader, inkl. ubygdde tomter, som ikkje er i bruk eller av andre grunnar kan seljast. Oversynet skal innehalda grunnleggjande informasjon om kvar eigedom, anslag for verdi, og aktuelle vedlikehaldskostnader. Basert på dette skal kommunestyret bestemma kva eigedomar som skal leggjast ut for sal. Sal av bustader vert vurderte for seg, i tilknytning til bustadsosial handlingsplan og sak 2021/91	Iht. plan	Etter avklaring med ordførar, vil KD leggja fram politisk sak, der det skal veljast politikarar til å delta i arbeidet.
Utgreiing av "hent-meg" busstilbod	Kommunestyret ber kommunedirektøren leggja fram sak om korleis vi kan etablere «Hent meg» busstilbod etter modell av Ullensvang.	Iht. plan	Tiltaket vart påbyrja i august. Det har m.a. vore tangeringar med ungdomsråd og eldreråd, i tillegg til kontakt med fylkeskommunen og Skyss. Kommunestyret behandla sak i 15.12.2022 der det vart gjort vedtak om å be Skyss om å snarast mogleg levera ei konseptbeskriving for fleksibel bestillingstransport i Kvinnherad, med utgangspunkt i ei sone som omfattar Husnes–Sunde–Valen–Halsnøy. Vidare heiter det i vedtaket at “under føresetnad av at kommunen sine vilkår vert stetta, kan Kvinnherad kommune bidra med inntil 2 millionar kroner årleg i ein prøveperiode over inntil tre år. Dersom det ligg føre tilstrekkeleg grunnlag, skal kommunedirektøren innarbeida prøveordninga i framlegg til budsjett- og økonomiplan for 2024”.
Utgreiing av lærlinggaranti	Ved utgangen av økonomiplanperioden er 26 eit minimumsnivå for talet på lærlingar. KK ber kommunedirektøren greie ut korleis Kvinnherad kan innføre ein lærlinggaranti etter modell frå Bergen kommune	Iht. plan	17.01.2023 Oppstart av arbeidet med å laga ein strategi og plan for lærlingegaranti
Utgreiing av SFO-tilbod	Kommunestyret styrkjer driftsbudsjettet med 2,0 mill merka til SFO. Kommunestyret ønskjer at dette vert fordelt på følgjande tiltak: a. Redusert pris generelt. b. Innføring av søskenmoderasjon på tvers av barnehage og SFO c. Meir ope i feriar ved dei større SFOane d. Noko meir fleksibilitet mtp. å ha eit tilbod ved dei minste SFOane også ved tider der det er for få barn andsynes vedtektene. e. Kommunestyret ber kommunedirektøren koma med ei sak til levekårsutvalet som viser framlegg, evt. ulike framlegg, til korleis pengane som er løyvd kan få størst effekt på nokre eller alle av desse tiltaka.	Ferdig	Saka vart utgreidd og handsama i levekårsutvalet 11.05.22 og kommunestyret 19.05.22. Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Planoppfølging

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
DR besøksmål Bondhusdalen	Gjeldande planstrategi har detaljregulering besøksmål Bondhus som prosjekt til gjennomføring 2021- 2022.PlanID: 20220001Konsulent: 3RW. Finansiering: P5317Arkivsak: 2022/581	Iht. plan	Kunngjort oppstart januar 2022. Det har vore fleire folkemøte og andre formar for medverknad. Det er gitt oppdrag for prosjektering av Bondhusvegen med møteplassar. Planutkast er under utarbeiding, venter høyring og slutthandsaming i 2023.20 SamfunnsutviklingKunngjort oppstart januar 2022. Det har vore fleire folkemøte og andre formar for medverknad. Det er gitt oppdrag for prosjektering av Bondhusvegen med møteplassar. Planutkast er under utarbeiding, venter høyring og slutthandsaming i 2023.
DR Børnes industriområde		Ferdig	Planen vart vedteken av kommunestyret 27.10.2022. Den er seinare påklagd, og klagen er til avgjersle hos Statsfrovaltaren i Vestland.
DR Fjelbergsambandet	Gjeldande planstrategi har detaljregulering Fjelbergsambandet som prosjekt til gjennomføring 2020 - 2021. Opphavleg starta planarbeidet i september 2017 med planforslag til høyring oktober - desember 2017. Pause i planarbeidet ma. grunna usikkerheit ved utbyggingskostnader og brute teknologi, samt finansiering. Kommunestyret har vedteke at arbeidet skal prioriterast, og fylkeskommunen vil delta i arbeidet.PlanID: 20170006. Konsulent: Norconsult.Finansiering: P5220. Arkivsak: 2017/3016 og 2022/306	Forsinka	Ny prosjektgruppe vart etablert hausten 2022. Prosjektering av veg og tilpassing til vegstandard L2 er i store trekk ferdigstilt. Ved utgangen av 2022 vart det arbeidd med endra løysing med brufeste på Fjelbergsida flytta noko mot nord. Dette gjer tekniske føremoner og bidreg til å senke kostnader. Høyring av revidert planforslag er venta våren 2023.
DR Heradstun		Ferdig	Planen vart vedteken av kommunestyret 27.10.2022. Den er seinare påklagd, og klagen er til avgjersle hos Statsforvaltaren i Vestland.
DR Industriområde Årsnes	Gjeldande planstrategi har detaljregulering Årsnes industriområde som prosjekt til gjennomføring 2022 - 2023.PlanID: Ikkje tildeltKonsulent: ABO Stord asFinansiering: P5315.Arkivsak: 2021/3299 og 2022/1143	Iht. plan	Avtale med plankonsulent inngått desember 2021 og forprosjekt utarbeidd i 2022. Vestland fylkeskommune har ikkje ynskt tilkomst til området over ferjekaien. Det har difor vorte jobba med alternative løysingar for tilkomst frå nord. Alternativa vert kostbare og inneber relativt store naturinngrep; det vert difor arbeidd med å ta opp at moglegheita med å koma inn frå sør over eksisterande veg, då dette økonomisk og med tanke på naturinngrep er den mest berekraftige løysinga.
DR Kaldestadvegen gang og sykkelveg	Gjeldande planstrategi har detaljregulering for fylkesveg 5028 Kaldestadvegen trafikksikring som prosjekt til gjennomføring 2021 - 2023PlanID: 20210001Konsulent: Rambøll. Finansiering: P5336. Arkivsak: 2021/610 og 2022/314	Iht. plan	Planen har vore på høyring og den vert førebudd for endeleg vedtak våren 2023.
DR Lundsbyggane gang og sykkelveg	Gjeldande planstrategi har detaljregulering Lundsbyggane gang- og sykkelveg som prosjekt til	Forsinka	Oppstart planarbeid vart kunngjort oktober 2020. Det har blitt arbeidd

Årsmelding 2022

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
	gjennomføring 2020 - 2021. PlanID: 20200006. Konsulent: Norconsult. Finansiering: P5336/S9982. Arkivsak: 2020/1894 og 2022/224		mykje med å rydde i fleire avkøyningar langs vegen. Dette er no for ein stor del klårlagt. Løysing for ny bru over Storelva er teikna eit stykke vest for eksisterande bru. Fylket har krevd arkeologiske undersøkingar på utvalde stader innanfor planområdet. Rapport frå arkeologane må koma før planen kan sendast på høyring. Om veret tillet graving vert det forventta slik rapport tidleg i 2023.
DR Ny ferjekai Varaldsøy	Detaljregulering Skjelnesodden ferjekai som prosjekt til gjennomføring 2020- 2024. Planarbeid ikkje starta. Vidare prosess er avhengig av avklaring frå vegeigar Vestland fylkeskommune PlanID 20190005. Konsulent: Abo. Finansiering: P5221 Arkivsak: 2019/865	Ikkje starta	Planarbeid ikkje starta. Avventer avklaring med Vestland fylkeskommune.
DR Næringsområde NN-1	Gjeldande planstrategi har detaljregulering av fire næringsområde som prosjekt til oppstart og dels gjennomføring 2022 - 2024. Dette skal vere ei oppfølging av areal som blir lagt ut til næringsføremål i ny arealdel til kommuneplanen. Arealdelen er førebels ikkje vedteken, men eitt av dei fire næringsareala er etter formannskapsvedtak prioritert for oppstart. Reguleringsplan Landa (Halsnøy) skal legge til rette for næring, trafikksikring og mogleg bustadbygging. PlanID: Ikkje tildelt Konsulent: Norconsult as Finansiering: P5318 Arkivsak: 2022/792	Iht. plan	Det har vore halde synfaring på Landa med påfølgjande idédugnad kor personar frå administrasjonen deltok saman med lokale folk og plankonsulentane. Tema for planen er bruk og etterbruk av steinbrotet på Landa, samt trafikksikring og nye busslommar langs fylkesvegen. Det er vert søkt konsesjon for fortsatt drift av steinbrotet, og ein av ventar utfall av konsesjonssaka før planarbeidet kan gå vidare.
DR Næringsområde NN-2	Gjeldande planstrategi har detaljregulering av fire næringsområde som prosjekt til oppstart og dels gjennomføring 2022 - 2024. Dette skal vere ei oppfølging av areal som blir lagt ut til næringsføremål i ny arealdel til kommuneplanen. Arealdelen er førebels ikkje vedteken, men eit næringsareal er etter formannskapsvedtak prioritert for oppstart (NN-1). NN-2, NN-3 og NN-4 avventer vedtak på ny arealdel.	Ikkje starta	
DR Næringsområde NN-3	Gjeldande planstrategi har detaljregulering av fire næringsområde som prosjekt til oppstart og dels gjennomføring 2022 - 2024. Dette skal vere ei oppfølging av areal som blir lagt ut til næringsføremål i ny arealdel til kommuneplanen. Arealdelen er førebels ikkje vedteken, men eit næringsareal er etter formannskapsvedtak prioritert for oppstart (NN-1). NN-2, NN-3 og NN-4 avventer vedtak på ny arealdel.	Ikkje starta	
DR Næringsområde NN-4	Gjeldande planstrategi har detaljregulering av fire næringsområde som prosjekt til oppstart og dels gjennomføring 2022 - 2024. Dette skal vere ei oppfølging av areal som blir lagt ut til næringsføremål i ny arealdel til kommuneplanen. Arealdelen er førebels ikkje vedteken, men eit næringsareal er etter formannskapsvedtak prioritert for oppstart (NN-1). NN-2, NN-3 og NN-4 avventer vedtak på ny arealdel.	Ikkje starta	
DR Omsorgsbustader v/Halsnøytunet	Gjeldande planstrategi har detaljregulering omsorgsbustadar Halsnøy som prosjekt til oppstart 2024.	Ikkje starta	
DR Opsanger-Porsvik	Gjeldande planstrategi har detaljregulering trafikksikring Opsanger - Porsvik som prosjekt til gjennomføring 2020 - 2022. Dette er del av Kvinnheradpakken og planstart avventer endeleg finansiering der.	Forsinka	

Årsmelding 2022

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
DR Reguleringsendring Byen Husnes	Gjeldande planstrategi har reguleringsendring for planen "Byen Husnes" som prosjekt til gjennomføring 2020 - 2021. Gjeld tilrettelegging for Husnes kollektivterminal og betring av sentrumsveg. PlanID: 20200011. Konsulent: Asplan Viak AS. Finansiering: P5475. Arkivsak: 2020/3228 og 2022/356	Forsinka	Planforslag har vore til høyring vinter 21/22. Ved årsskiftet 22/23 vart no arbeidd med optimering av løysingar for mjuke trafikantar, særleg i nærleiken av terminalen. Då dette inneber at det takast bort parkeringsplassar, må endringane avklarast med eigarane av Husnes Storsenter har mesteparten av desse areala. Det er von om å få til eit samarbeid om betre kvalitet i uteområda på Husnes.
KDP idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv	Gjeldande planstrategi har rullering av kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv som prosjekt til gjennomføring 2021.	Ikkje starta	Rullering av den langsiktige delen av planen er forseinka. Handlingsdelen av planen vert rullert kvart år om hausten.
KDP Klima og energi		Ikkje starta	Etter drøfting i formannskapet hausten 2022 vert arbeidet med ny klimaplan endra til utarbeiding av klimabudsjett og -rekneskap. Kommunestyret får sak om dette til behandling i februar 2023.
KDP Kulturplan - kulturstrategi	Gjeldande planstrategi har utarbeiding av kommunedelplan for kultur som prosjekt til gjennomføring 2023-2024. Planbehov, innhald og føremål bør vurderast gjennom ny planstrategi.	Ikkje starta	
KDP Regionsenteret Husnes		Forsinka	Planprogram vedteken 2019. Vidare planarbeid er avhengig av at andre planoppdrag vert slutført først. Det er stor aktivitet i Husnesområdet og høg takt i private og offentlege byggeprosjekt. Planforma bør tilpassast dette for å få naudsynt fleksibilitet og dette bør difor vurderast gjennom eige sak før ein går vidare med planarbeidet.
KDP Samferdsle		Forsinka	Del 1: Ikkje igangsett av kapasitetsgrunnar Del 2: Arbeidet er slutført. Del 3: Vegnorm er, etter ein omfattande prosess, vedteken i kommunestyret 27.10.2022.
KDP Strategisk næringsplan	Gjeldande planstrategi har utarbeiding av kommunedelplan for næring (strategisk næringsplan) som prosjekt til gjennomføring 2020-2021. Planprogram vedteke 2019. Delar av kommunedelplanen er utarbeidd og vedtatt (reiselivsplan og cruisestrategi). Arkivnr. 2018/2058.	Forsinka	Kommunen sitt strategiske næringsarbeid vart sterkt prega av perioden med koronapandemi og ressursane måtte omprioriterast. Erfaring frå planarbeidet så langt bør takast opp som separat sak til behandling og vidare form på planarbeidet må vurderast i lys av dette.
KP Arealdel		Forsinka	Planforslag er under utarbeiding. Innspelsfase og medverknadstiltak gjennomført. Grovsiling er gjennomført og finsiling av innspel er i prosess (konsekvens- og ROS-verdivurdering + ROS-analyse). Var i regionalt planforum 25.05.2021. Etter ynskje om meir politisk innvolvering har utsending av planen på høyring vorte utsett eit halvt år til vinteren 22/23. Det har

Årsmelding 2022

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
			blitt halde politiske verkstadar med deltaking frå PTM-utvalet og formannskapet. Tema for desse verkstadene har vore tettstadutvikling, byggegrense mot sjø og føreseger. Det er planlagt ny drøfting i regionalt planforum i januar 2023 og ein sikter på å få arealdelen til høyring i april 2023.
KP Arealdele, temarulling, areal til fritid og turisme		Ikkje starta	
KP Samfunnsdel		Ferdig	Planen vart vedteken av kommunestyret i juni 2022 og kunngjort i august.
OR Grøn Næringspark		Forsinka	Planen er under utarbeiding. Endeleg utforming av planforslag er avhengig av samkøyring med andre prosessar (grunnerverv, kaispørsmål, nasjonalt/regionalt høgspennett i området). Von om planforslag til høyring i andre eller tredje kvartal 2023.
OR Rosendal		Forsinka	Parallell sak om storleik og plassering av idrettshall var til politisk behandling hausten 2022. Ventar planframlegg til høyring første halvår 2023 og endeleg planvedtak hausten 2023. Ein fordel om planen kan vedtakast etter vedtak om ny arealdel til kommuneplanen.
OR Sunde		Forsinka	Planframlegg har blitt behandla i regionalt planforum i oktober 2022. Høyring vår/sommar 2023 og slutthandsaming hausten 2023.
OR Sæbøvik		Ikkje starta	
OR Uskedalen		Ikkje starta	
OR Valen		Ikkje starta	
TP frivilligplan for Kvinnherad	Gjeldande planstrategi har temaplan for frivilligheit (frivilligplan) som prosjekt til gjennomføring 2021-2022.Arkivnr. 2018/1847.	Iht. plan	Planen er under utarbeiding. Planforslag skal behandlast i 2023.
TP Plan for friluftslivet sine ferdselsårer	Gjeldande planstrategi har utarbeiding av temaplan for friluftslivets ferdselsårer som prosjekt til gjennomføring 2021.	Forsinka	Planarbeid sett i gang 2021, kartlegging gjort dette året. Mykje av jobben med utarbeiding av planen står att. Ventar plan til vedtak tredje kvartal 2023.

Kommunen sine tenesteområde

Samfunnsutvikling

Skildring av tenesteområde

Sektoren har ansvar på mange område: Bibliotek, kulturarenaer og kulturadministrasjon, næringsutvikling, jord- og skogbruk, vilt- og fiskeforvaltning, turisme og vertskap, frivillig innsats, kommuneplanlegging, klimaarbeid og naturvern, folkehelse, byggesak og reguleringsplanlegging, geodata, miljøretta helsevern og eigedomsskatt.

Det er fem avdelingar i sektoren:

- Kvinnherad kultursenter
- Kvinnherad bibliotek
- Næringsavdeling
- Planavdeling
- Byggesak- og geodataavdeling

I tillegg er desse faga og tenestene direkte underlagt sektorleiar: Kvinnherad frivilligsentral, Kvinnherad Arena, kulturadministrasjon og rådgjevar.

Innanfor rammene av den nye kommuneplanen for Kvinnherad har sektoren målsettingane under som overordna retningslinjer for verksemda:

Auke innbyggjartalet

Å oppretthalde, og helst auke innbyggjartalet er viktig for at lokalsamfunn og kommuneorganisasjon kan ha god økonomi og utvikle gode tenester. Alderssamansetjing, balanse i talet jenter/kvinner og gutar/menn, gjennomsnittsalder og andre demografiske faktorar spelar saman med folketalet og avgjer om Kvinnherad har sosial og økonomisk berekraft.

Robust næringsliv

Eit variert næringsliv og høg sysselsettingsgrad utgjer ryggrada i samfunnet. Det er difor viktig at eksisterande verksemdar har gode utviklingsmoglegheiter og at Kvinnherad er attraktivt for nye etableringar.

Trygt samfunn

Kvinnherad skal vere ein trygg plass å bu. Ikkje berre når det gjeld det openberre med trafikktryggleik og naturfare, men med særleg omsyn til oppvekstmiljø og alderdom, god folkehelse og berekraftig naturforvaltning. Kort sagt: Gode føresetnadar for å leve gode liv.

Viktige hendingar

- Ny samfunnsdel til kommuneplanen vart vedteken i juni. Den er tufta på FN sine berekraftmål og har mål og strategiar for Kvinnheradsamfunnet og for Kvinnherad kommune som verksemd. Kommuneplanen og økonomiplanen vert no sterkt knytt saman i felles verktøy for utarbeiding og rapportering
- Vedtak om etablering av Grøn Næringspark Kvinnherad
- Tildelt straumstøtte til lokale bedrifter innafor ei ramme på kr 7,5 mill
- Vedtak i Vestland Fylkeskommune om oppstart av næringshageprogram i Kvinnherad

Årsmelding 2022

- Innført eByggesak for betre flyt i byggesaksbehandlinga
- 2022 var "Frivilligheita sitt år" og vart høveleg markert med inspirasjonsføredrag der nærare 300 innbyggjarar deltok og med påfølgjande dialogsamling for framtidig frivilligplan
- God aktivitet i utlånsentralen Bua og på aktivitetskalenderen Friskus
- Frivilligprisen 2022 vart tildelt dei frivillige i Fjellhaugen Skisenter
- Kulturstipendet for 2022 vart tildelt Marie Lillesand Høgestøl. Marie studerer klassisk song og komposisjon ved Norges Musikkhøgskule i Oslo
- Kvinnherad kulturpris for 2022 vart tildelt Clive William Anderson
- Dagsturhytta Fagnabu vart offisielt opna 8. oktober. Kvinnherad skal stå for drifta av dagsturhytta for Kvinnherad kommune
- Tal spelemiddelsøknadar er stabilt (18), men med eit stadig synkende tal på nærmiljøanlegg.
- Tilgjengelege kulturtilskotsmidlar vart utbetalt gjennom søknadsordningane.
- Fondet for forskottering av spelemidlar er utnytta godt av organisasjonane, både innan idrett, kultur og friluftsliv.
- I 2022 nær dubla besøket seg på bokbussen
- Husnes kino hadde 28 % meir besøk enn i 2021, men enno manglar det ein del på å kome opp på nivået før pandemien



Varaordfører Leif Sverre Enes fekk hjelp til den høgtidelege opninga av dagsturhytta Fagnabu. Foto: Kvinnherad kommune.

Sjukefråvær

Samfunnsutvikling	7,1 %	4,9 %	3,8 %	6,6 %	5,6 %	3,4 %	

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud.	Rev. bud.	Rekneskap 2022	Avvik i kr
Lønn	31 462	35 605	35 955	33 124	2 831
Refusjon lønn	-589	0	0	-1 127	1 127
Sum Lønn	30 873	35 605	35 955	31 998	3 957
Drift	10 925	8 798	8 798	13 687	-4 889
Kjøp av produksjon	8 877	7 363	7 363	8 400	-1 037
Overføringer	13 372	3 265	5 016	9 724	-4 708
Finansutgifter	4 370	139	139	1 492	-1 353
Sum Utgifter	37 544	19 565	21 316	33 303	-11 987
Brukerbetaling	-9 922	-9 708	-9 708	-9 508	-200
Refusjoner	-12 226	-315	-315	-5 194	4 878
Overføringer	-3 223	-1 328	-1 328	-4 363	3 036
Finansinntekter	-4 673	-250	-250	-883	633
Sum Inntekter	-30 044	-11 601	-11 601	-19 948	8 348
Netto resultat	38 373	43 569	45 670	45 352	318

Kommentar til status økonomi

Samla sett kjem sektoren ut med rekneskap i balanse med budsjettet.

Gjennom året er det observert:

- Underforbruk på løn grunna vakansar i ein del stillingar i første halvår
- Svake billettinntekter til Husnes kino grunna ein viss publikumssvikt etter pandemien
- Overforbruk på biblioteket, særleg grunna aukande utgifter til utlånsmedium og effekt av at bokbussen er sett i drift etter fleire år utan slikt tilbod
- Underdekking på lisenskostnader
- Høg aktivitet i oversiktsplanlegginga som gir noko overforbruk

Tal frå sektoren sine sjølvkostområde viser:

- Oppmålingsforretning sine gebyrinntekter (2,67 mill.kr) endte ca. 5 % foran budsjett
- Eigarseksjonering sine gebyrinntekter (0,04 mill.kr) enda ca. 13 % bak budsjett
- Byggjesak sine gebyrinntekter (2,82 mill.kr) enda nær 30 % bak budsjett; dette treng ekstra merksemd frametter
- Gebyr for plansaksbehandling (0,52 mill.kr) enda vel 260 % foran budsjettet på 200.000. Dekningsgraden er likevel berre 65 % av kommunen sine utgifter.
- Til saman hadde sektoren eit gebyrgrunnlag på 8 mill.kr innan dei fire sjølvkostområda, medan inntektene endte på 6 mill.kr.
- Det er no berre oppmålingsforretning som har positiv saldo på utjamningsfond

Både inntekter og utgifter elles ligg høgare enn budsjett. Mykje av dette skuldast variasjonar i rekneskapen innan særleg kulturadministrasjon, frivilligsentralen, næringsavdelinga og planavdelinga. Her er det tilskot og utbetalingar som vanskeleg let seg presist periodisere. I sektoren vert det arbeidd mykje prosjektretta og det er ofte tiltak med statlege eller fylkeskommunale midlar som går via driftsbudsjettet.

Oppsummering tiltak

Fleire av avdelingane i sektoren har overforbruk. Grunna innsparingar dei siste fire-fem åra er det mindre fleksibilitet for å jamne ut underskot i ei avdeling mot overskot i ei anna no. Gjennom hausten har det blitt halde ekstra fokus på budsjettet og moglegheiter for å utsetje eller kutte innkjøp o.a. Ved årsoppgjeret vert utjamningsfond på sjølvkostområda nytta der det er mogleg. Interne overføringer og fondsmidlar vert nytta til å jamne ut variasjonane knytt til tilskot inn/ut og konkrete prosjekt innan kulturadministrasjonen, frivilligsentralen, næringsavdelinga og planavdelinga.

Medarbeidarsamtale

Medarbeidarsamtalar er gjennomført i heile sektoren.

10 faktor

10-faktorundersøkinga frå 2021 er følgt opp i sektoren si leiargruppe. Dei avdelingar som er store nok til å ha egne data frå undersøkinga har følgt opp dette i avdelingsmøte.

I sektoren er det god score på faktorane “opplevd sjølvstende” og “nytteorientert motivasjon”. Medarbeidarane har mykje og variert fagansvar, og må i stor grad ta avgjersler sjølve. Samstundes er dei ulike faga ofte gjensidig avhengig av kvarandre. Det kjem fram at det jamt over vert oppved godt samhald i kollegiet.

Dei faktorane sektoren meiner det er viktig å bli betre på er “rolleklarheit” og “relevant kompetanseutvikling”. Dette vert det fokusert på i tida fram til neste undersøking i 2024.

Avvik samla

Sektoren har særst få rapporterte avvik; berre fire stk. for heile 2022. Trass det låge talet er det stort spenn; trugsel frå søkjar, personvernavvik og ein brannfarleg kaffitraktar.

Dei siste to åra har leiinga særleg fokusert på trugslar og ubehageleg oppførsel frå personar medarbeidarane møter gjennom jobben. Truleg har terskelen vore høg for å tole slikt både i skranketeneste og saksbehandling. Talet av meldte tilfelle er lågt, men det vert oppmoda til å legge slike hendingar inn i avvikssystemet slik at sektoren kan jobbe systematisk med dei.

Kompetanse status og behov

Medarbeidarane har høg kompetanse og god motivasjon og er dyktige innanfor sine felt. Arbeidsmarknaden er slik at ein no opplever større migrering mellom arbeidsgjevarar enn tidlegare. Arbeidsledigheita i samfunnet er gledeleg låg, men det gir utfordringar ved rekruttering.

Sektoren brukar av eigne ressursar til etter- og vidareutdanning, og helst innan kompetansegivande kurs og utdanningsprogram. Omfanget av dette skulle gjerne vore større, men både brukt tid og tilgjengeleg økonomi avgrensar moglegheitene.

Fleire av avdelingane rapportar om behov for større juridisk kompetanse - både fagspesifikt og innan forvaltningsrett. Bibliotekdrifta går gjennom ei modernisering der særleg digitale plattformer står sentralt; der er det behov for auka teknisk kompetanse.

Oppvekst

Skildring av tenesteområde

Kommunesektoren har ansvar for mange oppgåver som er viktige for innbyggjarane. Oppvekstsektoren har eit mangfald av tenester til barn og unge. Tenester som innbyggjarane treng for å leva det gode liv i kommunen

Oppdraget til sektoren er å yta gode tenester til barn/unge (0-25 år) og familiane deira.

Sektoren inneheld 21 einingar som i 2022 har gitt tenestetilbod frå følgjande kommunale tilbod:

- 10 barnehagar
- 14 skular
- 1 kulturskule
- 1 barnevern
- 1 PP teneste
- 1 helsestasjon med jordmortenesta, skulehelsetenesta og helsestasjon for barn og foreldre.
- 1 avlastingsbustad
- 2 ungdomsbasar

Lovverket som tenestene er heimla i:

- Barnehagelova med forskrifter
- Opplæringslova med forskrifter
- Lov om barnevern
- Lov om kommunale helse og omsorgstenester
- Helsepersonell-lova
- Pasientrettighetslova
- Lov om helseregister

Oppvekst status

Tekst	2021	2022
Fødselstal	126	129

Årsmelding 2022

Tal barn i barnehage - haust. (private og kommunale)	579	557
Tal elevar 1. - 4. vår	581	560
Tal elevar 5. - 7. vår	496	468
Tal elevar 8. - 10.	512	539
Tal elevar spes. ped 1. - 4.	22	22
Tal elevar spes.ped 5. - 7.	43	34
Tal elevar spes.ped 8. - 10.	44	41
Tal elevar i kulturskulen	487	442



Bilete over er elevar og tilsette frå Øyatun skule som har eit etablert skulebedrift, eit firma som mellom anna lagar og serverer mat til ulike hendingar. Her er dei i gang med å servera juletallerken med pinnekjøtt til storsamlinga med amerikanske studentar og øvingslærarar i desember -22.

Viktige hendingar

Temaplan for oppvekstkår er ein politisk vedteken temaplan for sektoren. Med utgangspunkt i Barnekonvensjonen og FN sine berekraftsmål har seks tema fått særskilt fokus i planen; God omsorg, God helse, God utdanning, God fritid, Fullverdig liv og Vern mot overgrep Resultat av drifta i 2022 er vurdert opp mot dei seks områda i temaplan for oppvekst.

God omsorg

Omsorg er ein føresetnad for barn og unge sin tryggleik og trivsel og for utvikling av empati og nestekjærleik. I tillegg til foreldra si plikt til å sikra barn og unge god omsorg, har det offentlege eit ansvar for å støtta opp under den omsorga barn og unge får, og å leggja til rette for at dei kan utvikla tillit til seg sjølv og andre og anerkjenne menneskeverdet som ein grunnleggjande verdi i samfunnet.

Alle barn har rett på omsorg i barnehage og skule. Nokre barn treng meir omsorg enn andre for å kjenna tryggleik. Barnehagar og skular arbeider for å tilpasse omsorgsarbeidet. Dei som treng mest omsorg, skal få mest. På denne måten er det offentlege med på å redusere sosial ulikskap. Gjennom dei statlege sektormåla er det høge forventningar om at alle barn og unge skal kjenne seg inkluderte i barnehage og skule. Korleis barn og unge trivest i barnehage og skule vert kartlagt årleg, og seier noko om den omsorga dei får. Trivselen til barn i barnehagen er det foreldra som svarar på i den årlege foreldreundersøkinga. I skulen svarar barna sjølve.

Barnehage:

Føresette i dei kommunale barnehagane har i foreldreundersøkinga i 2022 vurdert gjennomsnittleg trivsel til 4,8. På ein skala frå 1 til 5 er dette eit bra resultat. I etterkant av foreldreundersøkinga får foreldra tilbakemelding på resultata, og dei får vera med i analysearbeidet med å vurdere kvifor tala er

Barnet sin trivsel kommunale barnehagar	Nasjonalt	Vestland	Kvinnherad
	4,7	4,7	4,8


som dei er og kva som kan gjerast for at fleire barn kan trivast betre. Sjå tabellen under.

Skule:

Elevane på 5. - 10. trinn vurderer at på ein skala frå 1 - 5 så ligg dei fleste trinn på gjennomsnittleg trivsel på 4,1. Det er interessant å sjå at det er 10. trinnet som skårar høgast trivsel på 4,2. Det er variasjon mellom skulane og sjølv om ein skårar høgt, er det barn som trivest meir og mindre. Etter at trivselsundersøkinga er gjort skal elevane medverke i analyse av resultata og få kome med sine meiningar om kvifor resultatet er slik dei er, og kva som kan gjerast for å få betre resultat. Sjå grafen under.

Elevundersøkelsen – alle trinn – Trivsel

Kvinnherad kommune (EIER)



God helse

God helse for alle skapar trivsel og reduserer sosial ulikskap. Folkehelseinstituttet (FHI) publiserer kvart år “Folkehelseoversikten” med eigen oppvekstprofil. Tema for profilane i 2022 var kva sosiale ulikskapar har å seie for barn si helse og oppvekst. For Kvinnherad var resultata slik:

- Prosent barn som bur i hushald med vedvarande låg inntekt, er lågare enn landsnivået.
- Prosent barn som bur trongt er lågare enn landsnivået.
- Prosent elevar som gjennomfører vidaregåande opplæring er ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået.

God helse handlar om både psykisk og fysisk helse. Det handlar om heimeforholda til barn og unge og om det det å ha vener og god fritid. Gode omsorgstilhøve, sosiale fellesskap i trygge omgjevnader, inkludering og fysisk aktivitet skaper robuste barn. Fagpersonar i kommunen som skal fremja god helse blant barn og unge er tilsette i barnehage, skule, helsestasjonen og skulehelsetenesta. Skulehelsetenesta har ei særskild oppgåve både i å følgja med i barn si helse og å førebyggja for sjukdom. Grunna vidareutdanning, har einskilde skular hatt mindre tilgjengeleg skulehelseteneste enn planlagt, og då vi framleis ligg under tilrådd normal er dette sårbart. Skulehelsetenesta, har trass dette, gjennomført alle obligatoriske helsesamtalar i skulen, gjennomført barne-vaksinasjonsprogrammet, bidrege i undervisning og følgd opp barn og foreldre med samtalor/vegleiing. Skulehelsetenesta rekk ikkje å snakka med alle som treng det, og ein er avhengig av at fleire aktørar i eining barn og familie følgjer opp med samtalor. Samarbeid mellom skulehelsetenesta og skule blir stadig betre, og kontinuitet er en sentral suksessfaktor.

Alle barn og unge i Kvinnherad har fått gjennomført helsestasjonsprogram og barnevaksinasjonsprogram i tråd med nasjonale tilrådingar. Foreldre, som treng det, har fått tilbod om vegleiing utover fastsett program. Dette året har alle elevane på Kvinnherad vidaregåande fått tilbod om gratis meningokokkvaksine, og oppslutnaden har vore om lag 80%. Helsestasjonen har ansvar for å tilby koronavaksine til barn og unge, opp til 15 år, men det er svært få som har hatt ynskje om dette.

Eit godt tverrfagleg samarbeid i kommunen er avgjerande for at barn og unge som treng ekstra hjelp får den tenesta dei har trong for. "Betre Tverrfagleg samarbeid" (BTI) er ein modell frå Helsedirektoratet som kommunen har vedteke skal nyttast av alle som yter teneste til barn og unge. I 2022 vart det gjennomført ei omfattande kartlegging for å avdekke korleis det tverrfaglege samarbeidet i kommunen fungerer. Dei viktigaste funna frå kartlegginga var slik:

- *Samla syner resultata frå kartlegginga at det har vore ei positiv utvikling. Tilsette er blitt tryggare i å ta den viktige samtalen, om alvorlege tema – både med barn/unge og foreldre/føresette. Det er enno noko usikkerheit kring det å samtale med barn/unge og familiar med minoritetsbakgrunn. Rettleiar for informasjon og oppfølging av barn som pårørande til foreldre eller søsken er i liten grad kjent.*
- *Barrierar for å handle er t.d. for lita tid, manglande tiltak/tilbod om vidare oppfølging, redsle for å øydelegge relasjon, og redsle for å kome til å stå åleine i situasjonen. Barn og føresette vert i nokon/stor grad involvert tidleg nok i saker der det er uro for barn/unge*
- *Fleire tilsette kjenner no til reglar for samtykke og tieeplikt, men det er enno usikkerheit kring det å kjenne til andre tenester sine oppgåver og ansvar, og kva dei kan bidra med. Mange tilsette seier at dei veit kven som kan gi rettleiing/bistand når det gjeld barn/unge som har psykiske vanskar, medan det er noko meir usikkerheit når det gjeld barn/unge som har problematisk bruk av rusmiddel. Etablering av internt og eksternt ressurs-team i barnehage og skule vert nemnd som positivt for samarbeidet med helsesjukepleiar og PPT.*
- *Tilsette i Oppvekstsektoren kjenner i stor grad til BTI-handlingsrettleiaren som ligg på kommunen si heimeside. Halvparten av dei tilsette opplever å ha fått tydeleg informasjon om korleis handlingsrettleiaren kan nyttast, og opplever dette som eit godt verktøy og støtte, som lett tilgjengeleg i det daglege arbeidet. BTI-handlingsrettleiaren vert av nokre likestilt med verktøyet stafett-logg, dette har ført til forvirring. Tenestene har i varierende grad teke i bruk Stafett-logg som verktøy. Av dei tilsette som har fått opplæring, arbeider dei fleste i barnehage og skule. I einingar som ikkje nyttar stafett-logg, vert samarbeid/samhandling og utveksling av informasjon dokumentert i tenestene sine eigne fagsystem. Tilsette opplever i liten grad at informasjonsutveksling på tvers av tenester blir praktisert på ein god måte.*

God utdanning

God utdanning handlar om å få ei god opplæring både fagleg og sosialt. Barn lærer heilt frå dei er fødde, og både barnehage og skule er ansvarlege for at barn får ei god opplæring på alle område i livet. Det kan vera vanskeleg å måla barn og unge si læring eksakt, men staten har teke ut nokre indikatorar som over tid kan gje oss ei oversikt over dette. Kartleggingsprøvar i skulen skal vera eit verktøy for lærarane for å fanga opp barn som treng tilrettelegging. Den språkopplæringa som barn får i barnehagen gjer dei betre rusta til lese- og skriveopplæringa som skjer i skulen. Resultata frå kartleggingsprøvene som vert tekne i skulen er ikkje meint som eit verktøy for å rangera skular opp mot kvarandre. Dei skal vera til godt internt bruk.


God dugleik i lesing er avgjerande for at elevane skal koma seg gjennom heile skuletida inkludert vidaregåande utdanning. Elevane treng å vera funksjonelle lesarar i alle fag i skulen. For å måla

utviklinga på dette viktige området er lesing i alle fag eit av nøkkeltala som sektoren har lagt inn i økonomiplanen.

Lesedugleiken til elevane vert målt på 5., 8. og 9. trinnet i skulen. Resultata syner kva nivå eleven fungerer på. På 5. trinnet er det tre nivå, der nivå 1 er det lågaste. På 8. og 9. trinnet er det fem nivå der 1 er det lågaste. Resultata kan ein få fram både på elev - skule og kommune nivå. Det har vore eit mål for kommunen å redusera talet på elevar som ligg på nivå 1 i lesing, dette målet er ikkje nådd i 2022. Dei skulane med mange elevar på nivå 1 har fått særleg oppfølging. I og med at det ikkje vert teke kartleggingar i lesedugleik før elevane har gått fire år på skulen, kan det gå nokre år før skulane sine forbedringstiltak syner att på resultata. Elevar på 5. trinnet på nivå 1 i lesing var i 2022 21,3 % og for 8. trinnet 17,4 % . Dette var ein auke frå 2021.

Mestringsnivåer – alle trinn – lesing

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



2022-23, Kvinnherad kommune (EIER), Alle trinn, Lesing, Offentlig skole, Begge kjønn

Det er urovekkande at så stor prosent av elevane ligg på nivå 1 i lesing. Ei utfordring er at fleire skular slit med kompetanse då dei siste åra har vore utfordrande å få kvalifiserte lærarar og skulane har måtta tilsetja ufaglærte lærarar i skulen. Læraren sin kompetanse er den viktigaste einskildfaktor for elevane si læring, og mangel på kvalifisert lærarar truar elevane sine resultat.

Frå nøkkeltala som sektoren har valt ut kan me også sjå at standpunktkarakterane til elevane som går ut av 10. trinnet auka i 2022 til 43,4 frå 42,7 i 2021. Dette er ei positiv utvikling og syner at elevane som gjekk ut av 10. trinnet i fjor hadde gode kunnskapar. Eit anna nøkkeltal der kommunen kjem bra ut er i forhold til mobbing. Her må det alltid seiast at målsetjinga er at mobbing ikkje skjer, men Kvinnherad har mindre mobbing enn det som gjeld heile landet. På 7. trinnet er landssnittet på 9,9 medan Kvinnherad har 6,3. På 10. trinnet er landssnittet på 7,4 medan Kvinnherad ligg på 6,9.

Nøkkeltalet som omfattar elevane sin medverknad i skulen er om lag på same nivå som i 2021. På ein skala frå 1 - 5 melder 7. trinnet sine tilbakemeldingar på 3, 7 (likt som i 2021), medan 10. trinnet ligg på 3,6 (3,7 i 2021)

I Temaplanen for oppvekst er det slått fast at barnehagar og skular i Kvinnherad skal ha fysiske miljø som stimulerer til lek, læring og utvikling, at bygga skal ha universell, pedagogisk og estetisk utforming, og at det skal vera gode forhold i høve reinhald, luft, estetikk, utstyr, inventar og læringsmateriell. Uteområda skal innby til tryggleik, lek og aktivitet.

I Foreldreundersøkinga for barnehageområdet går det fram at det foreldra er minst nøgd med er ute- og innemiljøet til barna. Når barnehagane analyserer desse tala saman med foreldra kjem det fram at dei først og fremst ynskjer fleire leikeapparat i utemiljøet og at barnehagane får kjøkken til matservering til borna.

Foreldreundersøkinga barnehagar 2022 "Ute og innemiljø" for kommunale barnehagar er slik:

Ute – og innemiljø kommunale barnehagar	Nasjonalt	Vestland	Kvinnherad
	4,0	4,0	4,0

Halvparten av borna i Kvinnherad går i private barnehagar. I Foreldreundersøkinga for 2022 går det fram at dei foreldra er definitivt meir nøgde med borna sine ute- og innemiljø. Deira tilbakemelding er slik:

Ute – og innemiljø private barnehagar	Nasjonalt	Vestland	Kvinnherad
	4,3	4,2	4,3

Frå andre nøkkeltal for 2022 under barnehageområdet, kan ein sjå at prosenten mannlege tilsette i barnehagane gjekk ned til 1,3 % og at tilsette i barnehagane med barnehageutdanning nå er 46,2 %

God fritid

I følgje Barnekonvensjonen sin artikkel 31 har alle barn og unge rett til kvile og fritid. Det er viktig å jobba for lik tilgang og for at det er mogleg for alle å delta i lek og fritidsaktivitetar som høver til alder og utvikling. Barn og unge skal sikrast at dei fritt kan delta i kulturliv og kunstnarisk aktivitet.

I 2022 vedtok kommunestyret gratis SFO til alle barn på 1. - 4. trinnet i Kvinnherad. Tiltaket sikrar familiene med låg inntekt eit godt fritidstilbod og tiltaket vil redusera sosial ulikskap. Det var 46 nye barn som vart påmeld SFO etter at ordninga vart gratis.

Ungdomsteamet i eininga "Barn og familie" er ansvarlege for drift av ungdomsbasane, dei har utekontakt og ungdomslostenesta. Ungdomsteamet er kreative og samarbeider godt med ungdomane om mange ulike tiltak. Ungdomslosane fulgte opp 52 ungdommar i 2022. Dette året har ungdomsteamet fått ei stor økonomisk gåve frå Gjensidigestiftinga og frå Sparebankstiftinga. Det har også blitt gjennomført ei oppgradering av dei lokala basane dei held til i, og ved hjelp av midlane frå Gjensidigestiftinga er det bygd opp ein mekkeverkstad ved ungdomsbase nord, samt auka opningstidene frå 25 timar per veke til 32 timar.



Hausten -22 hadde Kvinnherad besøk av Kunnskapsminister Tonje Brenna. Her har ho lunsj saman med borna på heildagsskulen på Hatlestrand

Det må også nemnast at kommunen starta opp forsøk med heildagsskule i 2022. Med dette politiske vedtaket fekk alle elevar frå 1. - 7. trinnet på Hatlestrand skule eit utvida skuletilbod med gratis aktivitetar, gratis mat og leksehjelp. Ein av hovudmålsetjingane med prosjektet er sosial utjamning.

I tillegg til alle gode tilbod innafor idrett, kultur og frivillig arbeid som borna i Kvinnherad har tilgang må ein vel kunne seia at forholda vert lagt godt til rette for at dei skal ha ei god fritid i kommunen uansett familien sine inntekter.

Fullverdig liv

Alle barn og unge har etter barnekonvensjonen sin artikkel 23 rett på eit fullverdig liv. Alle barn med nedsett funksjonsevne, har rett til særleg omsorg og eit fullverdig og anstendig liv. Tilbod skal bli innretta slik at barn får tilgang til tiltak som må til for å fremja sosial integrering og personleg utvikling. Funksjonsnedsetting kan vera kognitive, psykiske, sosiale og fysiske.

I økonomiplanarbeidet i 2022 vart det vedteke å løyva ekstra midlar til arbeidet med barnekoordinator. Ordninga er organisert slik at familien kan be om at ein tilsett som allereie yter tenester til barnet, som barnet kjenner og familien har tillit til, koordinerer alle tenester til barnet og familien. Alle barn som treng det har rett på individuell plan.

Kommunen har plikt å tilby avlasting til familiar som har barn som treng det. Denne tenesta tilbyr ein brukarane på Villatoppen. Villatoppen har hatt sitt første heile driftsår i Eining barn og familie i 2022 etter at den vart tilbakeført frå Helse og omsorg. Sju nye familiar fekk tilbod om avlasting i 2022. Drifta er nøye tilpassa hjelpebehovet til familieane som har behov for svært ulik støtte. Me ser at fleire nye familiar vil komme i åra framover.

Då huset vart overteke var det nødvendig med ei oppgradering av hus og uteområdet. Uteområde har fått tilført nye leikeapparat. Innvendig har fleire rom blitt pussa opp, i fargar som syner at barn oppheld seg her.

Som del av landsomfattande tilsyn med helse- og omsorgstenester av barn i barne- og avlastingsbustadar har Villatoppen har hatt tilsyn av Statsforvaltaren. Tilsynet snakka med medarbeidarar og foreldre, og konkluderte med at her var ingen avvik, merknadar eller kommentarar. Tilsynet kommenterte i den verbale tilbakemeldinga særskilt det gode arbeidsmiljøet.

Vern mot overgrep

Vald og overgrep er eit samfunns- og folkehelseproblem. Traumatiske opplevingar i barne- og ungdomstid gir ringverknader for både fysisk og psykisk utvikling og fører til store kostnader i form av auka trong for hjelpetiltak i barnehage, skule og andre hjelpetenester i kommunane.

Tidleg innsats og å avdekke kva barn som er utsette for overgrep er ei sentral oppgåve for tilsette i oppvekstsektoren. Konsultasjonsteamet gir støtte og hjelp til barnehagar og skular. Her kan tilsette

søkja profesjonell hjelp dersom ein har uro for barn, og teamet gir støtte og hjelp til korleis ein skal snakka med barn om vanskelege tema.

Barnevernet sitt oppdrag er å ta vare på barn og skjerma dei for vald og overgrep. Dei har fokus på at barn skal få rett hjelp til rett tid. I 2022 har barnevernet hatt gode resultat med å nå mål innafor fleire ulike område. (Sjå nøkkeltala) . Frå 2021 til 2022 har dei auka evaluering av tiltaksplanar, redusert fristbrot på gjennomgang av meldingar til barnevernet innan ei veke, auka oppfølging av fosterbarn og auka tilsynsbesøk i fosterheimar og tiltaksplanar i barnevernet.

I sektoren vert det arbeidd med plan for den nye barnevernsreforma også kalla oppvekstreforma. Barnevernet kan ikkje klara å gjennomføra reforma åleine, og er avhengig av at barnehagar og skular også tek det ansvaret dei har med å førebygge og avdekke at barn vert utsette for fysisk, psykisk, seksuell og digital vald, og gir dei kunnskap om kva vald og overgrep er.

Sjukefråvær

Sjukefråvær i oppvekst

Oppvekst	13,1 %	8,8 %	6,2 %	8,6 %	9,3 %	9,7 %	

Sjukefråværet i sektoren er høgare i 2022 enn det førre året. Året har vore prega av mykje fråvære som i tider har vore korona-relatert, men også andre sjukdomar som vanleg influens og magesjukdomar som har floret både mellom barn og vaksne.

Eit sjukefråvær på 9,3 % er høgt og det er viktig å få dette ned igjen. I koronatida har det vore både vanleg og pålagt å vera heime ved sjukdom og det er viktig at dette ikkje blir ein ny vane og det normale.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud.	Rev. bud.	Rekneskap 2022	Avvik i kr
Lønn	340 162	332 513	332 956	344 357	-11 400
Refusjon lønn	-18 396	-13 010	-12 830	-18 339	5 508
Sum Lønn	321 766	319 503	320 126	326 018	-5 892
Drift	29 170	29 694	32 387	33 763	-1 375
Kjøp av produksjon	17 187	12 328	14 510	27 183	-12 673
Overføringer	7 935	10 741	21 383	11 484	9 899
Finansutgifter	9 327	200	200	5 977	-5 777
Sum Utgifter	63 620	52 963	68 481	78 407	-9 926
Brukerbetaling	-16 673	-17 906	-16 396	-16 976	580

Årsmelding 2022

	Rekneskap 2021	Opph. bud.	Rev. bud.	Rekneskap 2022	Avvik i kr
Refusjoner	-18 592	-20 974	-20 974	-25 313	4 339
Overføringer	-14 909	-10 414	-10 414	-15 599	5 185
Finansinntekter	-8 647	0	0	-2 253	2 253
Sum Inntekter	-58 821	-49 294	-47 784	-60 141	12 357
Netto resultat	326 565	323 172	340 823	344 284	-3 461

Kommentar til status økonomi

Fram til 11. mnd har sektoren samla lege an til å koma i balanse. Då det vart klart at nokre av inntektene kunne leggjast på fond, var det for seint å ta økonomiske grep.

Eit meirforbruk er ikkje ynskjeleg, men det får likevel vera akseptabelt med under 1%.

Meirforbruket:

- *Barnehagane* sin trong for ekstra støtte til barn som har utfordringar blir stor når den generelle tildelinga blir trong. Overforbruket er først og fremst relatert til barn i barnehagar som treng tilrettelegging og som etter loven har rett til det etter søknad og vedtak.

Mindreforbruket kjem frå vakansar i eininga Barn og familie.

- *Barn og familie* har mange vakansar då dei ikkje får tilsetja fagkompetanse. Meirforbruket i sektoren er større enn forventa. Det er likevel verd å merka seg at utfordringane med tilsetjing av fagpersonell i eininga Barn og familie er eit problem i høve den fagkompetansen ein treng for å gje barn og unge det tilbodet dei har rett til.

Oppsummering tiltak

1. Faste møte med dei einingsleiarane som har for høg bemanning.
2. Setja inn tiltak med bedriftshelsetenesta for dei einingane med for stort sjukefråvær.
3. Oversikt over sjukefråvær på alle einingane kvar månad.

Medarbeidarsamtale

Gode tenester i sektoren er avhengige av at dei tilsette har gode arbeidsforhold og trivest i jobben sin saman med kollega og leiar.



Våren -22 arrangerte lærarane i kulturskulen gratiskonsert i black-box i kultursenteret. Det er ei årleg tilstelling som samlar full sal.

I 2022 var det 483 tilsette i oppvekstsektoren. Talet på tilsette/årsverk er blitt redusert dei siste åra. Dette heng saman med reduksjon i barnetalet.

Tilsette i sektor oppvekst	Tal tilsette	Tal årsverk
2021	483	420,93
2022	476	414,69
Reduksjon tilsette/årsverk	7	6,24

Det er stor fagleg breidde og kapasitet blant dei tilsette. Mange strekkjer seg langt for å gjera ein best mogleg jobb for barn og unge i kommunen. Det fortener dei stor takk for.

Medarbeidarsamtale

Alle tilsette som har personalansvar har ansvar for éin gang i året å gjennomføra medarbeidarsamtale med dei ein er leiar for.

Sektorleiar for oppvekst har i 2022 gjennomført medarbeidarsamtale med alle einingsleiarar og rådgjevarar i sektoren.

Gjennom einingane sine årsmeldingar har alle einingsleiarane meldt om at det er gjennomført medarbeidarsamtale med dei tilsette.

Det kan sjå ut for at opp mot 100% av dei tilsette har hatt medarbeidarsamtale i 2022.

10 faktor

10-FAKTOR er eit digitalt utviklingsverktøy som vert bruk i både kommunale og private verksemder. Medarbeidarundersøkinga er i tråd med KS sin arbeidsgjevarpolitikk, og er eit sentralt verktøy for å utvikla gode arbeidsmiljø.

Sist arbeidsmiljøundersøkinga vart gjennomført var våren 2021, og alle tilsette i kommunen svara då på undersøkinga digitalt. Resultata dei fekk er gjennomgått og analysert på alle arbeidsplassar, og med bakgrunn i resultata har alle einingane laga eigne planar og mål for betring av arbeidsmiljøet vidare.

Alle einingane i oppvekstsektoren melder om at dei jamnt og trutt arbeider med utviklingsmåla innafor dei områda som er valt ut.

Det vert gjennomført ny kartlegging vår 2024.

Avvik samla

I 2022 vart det meldt i 75 avvik i sektoren. Avvik kan kategoriserast innafor følgjande tre område:

Teneste/brukar

Hendingar og situasjonar som vedkjem tenestemottakarar. Eksempelvis elevar, pasientar og liknande.

Organisasjon/internt

Hendingar og situasjonar knytt til interne forhold på arbeidsplassen. Dette vere seg samarbeid, organisering, avtalar osb.

Helse Miljø og Tryggleik


Hendingar og situasjonar knytt til helse, miljøet eller tryggleiken til dei tilsette. Vidare også hendingar som vedkjem det indre eller ytre miljø på arbeidsplassen. Eksempelvis skade på utstyr, miljøutslepp, skade på tilsett osb.

Avviksmeldingane i sektoren er fordelte slik i 2022: 14 meldingar organisasjon internt, 25 meldingar HMT og 48 meldingar teneste/brukar.

Sjå illustrasjon for kategori

Kategori


1. jan. 2022 - 31. des. 2022



I samband med meldinga om avvik, skal alvorsgraden av avviket bli vurdert. Slik er graden av avvik vurdert innanfor tre kategoriar: Låg, middels og høg. 26 meldingar er kategoriserte på låg alvorsgrad, 28 er kategoriserte på middels og 21 på høg alvorsgrad

Alvorsgrad

1. jan. 2022 - 31. des. 2022



Kompetanse status og behov

Situasjon:

2022 er eit år der mangel på kompetanse i oppvekstsektoren vart meir tydeleg enn åra før. Dette gjeld meir eller mindre innafor dei fleste fagfelt. Det har lenge vore mangel på mellom anna psykolog, barnevernspedagogar, vernepleiarar og anna spesialkompetanse innan sektoren, men i 2022 vart det veldig tydeleg at det er mangel på lærarar og barnehagelærarar også. Når ein i tillegg ser at rekrutteringa til desse utdanningane ved høgskulane i fylket går ned, er det ei svært uheldig utvikling som skjer. Sjølv om barnetalet går ned og kommunen treng nokre færre tilsette i sektoren dei komande åra, er det mange som går av med alderspensjon dei komande åra og slik sett kan det bli meir utfordrande å rekruttera nok fagutdanna personale til sektoren i framtida.

Hausten 22 var det tilsett 18 ufaglærte lærarar i skulane i Kvinnherad. Året før, hausten 21, var det tilsett 13 ufaglærte lærarar i dei same skulane. Lærarane sin kompetanse er ein av dei faktorane som tel mest for elevane sitt læringsutbyte. Det er såleis uheldig at det aukar med ufaglærde lærarar i skulen. Hausten 22 var det nedgang i søkjartalet til barnehagelærarutdanninga ved Høgskulen på Stord. Det er den høgskulen Kvinnherad tradisjonelt har rekruttert flest nyutdanna barnehagelærarar frå.

Både i 2021 og 2022 har det stått fleire vakante stillingar ledige ved eininga Barn og familie. Eininga strevar med å rekruttere medarbeidarar med tilfredsstillande kompetanse. Dei gjennomfører kompetanseheving internt, delvis med ekstern finansiering gjennom prosjektmidlar. Barnevernet har òg

ei eiga støtteordning gjennom Bufdir til medarbeidarar som tek vidareutdanning. Det er problematisk å rekruttera spesialpedagogar til PP-Tenesta og psykologar.

Staten har eigne **kompetansehevingssordningar** for tilsette i barnehage og skule. Både barnehagar og skular kan delta i ordningar der ein i kollegafellesskapet får etterutdanning samla. Udir har laga gode digitale kompetansehevingspakkar til denne type etterutdanning, og høgskulane vert knytt opp mot barnehagar og skular med oppfølging, hjelp og støtte.

Vidareutdanning for lærarar skjer gjennom vikarordning eller stipendordning. Dette er individuelle ordningar for fast tilsette lærarar med godkjent grunnutdanning som har trong for kompetanseheving innafor ulike fag.

Kva for kompetanse er det trong for i sektoren.

Sektoren treng først og fremst lærarar med allmennlærerutdanning, Grunnskulelærer (GLU) 1 - 7 og Grunnskulelærer (GLU) 5 - 10. Vidare er det trong for lærarar og barnehagelærarar med vidareutdanning i spesialpedagogikk. Det er også stor trong for psykologar og spesialpedagogar i støtteapparatet rundt barn og unge.



Dette bilete er henta frå kultursamlinga som Kvinnherad kommune arrangerte i samband med TV innsamlinga -22. Dette er dokker som er laga av Ukrainske kvinner i Kvinnherad til inntekt til krigsoffer i Ukraina.

I 2022 førte krigen i Ukraina til at mange menneske la på flukt til andre land. Kvinnherad kommune har teke mot familiar med barn som treng språkopplæring og anna opplæring. I samband med dette er det også trong for fleire lærarar som kan gje undervisning i norsk til framandspråklege.

Omsorg Helse og Sosial

Skildring av tenesteområde

Kommunesektoren har mange oppgåver som er viktig for innbyggjarane. Sektor omsorg, helse og sosial har eit mangfald av tenester. Tenester som innbyggjarane treng for å leva heile livet i kommunen.

Oppdraget til sektoren er å yta omsorg, helse og sosiale tenester.

Målgruppe er innbyggjarane i kommunen og dei som til ei kvar tid oppheld seg der.

Sektor omsorg, helse- og sosial (OHS) inneheld:

- Bu og habiliteringstenester
- Aktivitet og rehabiliteringstenester
- Psykisk helse og rustenester
- Helsetenester

- Heimtenester
- Sjukeheimstenester
- Matforsyning
- NAV
- Vurdering og koordineringsavdeling
- Vaksenopplæring

Sektor omsorg, helse og sosial skal yte tenester heimla i fyljande regelverk:

- [Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester](#)
- [Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen](#)
- [Lov om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid](#)
- [Lov om pasient- og brukerrettigheter](#)
- [Lov om folkehelsearbeid](#)

Det er i dag 795 tilsette i sektor OHS.



Bilete viser spreke tilsette ved ved Rosendalstunet, den nyaste institusjonen i kommunen.


Viktige hendingar

Kommunedelplan for omsorg, helse og sosial vart vedteke av kommunestyret 29.08.19. Planen dannar grunnlag for kommunen sine prioriteringar og drift innan fagområda i perioden 2019-2029. Handlingsdel blir revidert årlig. Mål: Gjennom omstilling og prioritering, sikre berekraftige tenester til innbyggjarane.

Behov for tenester frå sektor omsorg, helse og sosial er aukande. Nye oppgåver blir lagt til kommunane. Krav og forventingar hos innbyggjaren er høg, samtidig som brukargrupper og demografisk utvikling med fleire eldre og færre yngre arbeidsføre i kommunen vil fortsette å auke. Ny og oppdatert kompetanse, og nye måtar å løyse oppgåver på, er nødvendig for å møte framtida.

Det er viktig å skape robuste arbeidsfellesskap, sikre kompetanse og utvikling av medarbeidarar. Vi må òg organisere tenestene i ein samla heilskap, nyttiggjere ressursane våre best mogleg og ha gode oversikter på kva kompetanse vi har og korleis denne vert nytta i organisasjonen. Vi må ha kunnskap om tenestene, tenestemottakar, behov og endringar, og vi må sikre likebehandling og korrekt saksbehandling.

I 2022 har sektoren jobba med endringsprosessar på både teneste og systemnivå. Målsetting i samfunnsplan og kommunedelplan er at vi gjennom omstilling og prioriteringar, skal sikre berekraftige tenester til innbyggjarane. Dette oppdraget er omfattande, og treng kontinuerleg arbeid og ressursar. Det krev eit godt samarbeid i heile kommunen, med innbyggjarar, frivillige lag, og stor grad av fleksibilitet i eigen organisasjon.



Tabell viser demografisk utvikling i Kvinnherad

Resultat i drifta i 2022

Sektoren meldte behov for ein øymerka ressurs til økonomi oppfølging. Det vart tilsett ein økonomirådgjevar i juli 2022 som følgjer tett opp leiarar med budsjettansvar. Denne styrkinga av sektoren har gitt betre moglegheit for kvalitetssikring og tettare oppfølging av einingane i sektoren. Vi har laga rutinar og ny struktur for oppfølging på økonomiområdet, og har forventningar til at det gir oss meir realistiske budsjett i åra framover. Arbeid med prognosar og kalkylar ved drift er eit viktig verktøy i styring av sektoren. I kommunedelplan for omsorg, helse og sosial har vi tatt utgangspunkt i følgjande planområde;

Planområde 1: Førebygging, helsefremjing og tidleg innsats

Planområde 2: Aktivitet, arbeid og sosialt fellesskap

Planområde 3: Heilskaplege tenester - heile livet

Planområde 4: Omfang, utforming og lokalisering

Planområde 5: Frivillig sektor

Planområde 6: Kompetanse, rekruttering og gode fagmiljø

Aktivitet og rehabilitering

Eininga Fysio og ergoterapi og eininga Læring, meistring og aktivitet hadde ein omstillingsprosess, og vart samla til éi eining; Aktivitet og rehabilitering, med éin einingsleiar i 2022. Eininga er lokalisert ved Rosendalstunet. Med denne endringa har ein og fått styrka arbeidsfellesskapet mellom aktivitet og rehabilitering, sjukeheim og heimetenester. Dette gir positive effektar for tilsette og samarbeid internt. Det har òg gitt positive effektar for innbyggjarar, som har oppdaga aktivitetstilbod og møteplassar som dei tidligare ikkje har hatt kjennskap til.

Hjelpemiddellageret er ein del av den nye eininga aktivitet og rehabilitering. Dei flytta frå gamle lokale i Omvikedalen til midlertidige nye lokale i Dimmelsvik hausten 2022.



(Bildet er frå nytt hjelpemiddel ager i Dimmelsvik haust 2022, eininga Aktivitet og rehabilitering, foto Håvard Sætrevik - Grenda)

Vurdering og koordineringsavdeling (VOK)

I 2022 vart VOK oppretta, VOK skal vere “ei dør inn” til kommunen sine helse og omsorgstenester. Dette har styrka praksis rundt sakshandsaming, og det tverrfagleg samarbeidet i kommunen. Her er utvikla eit meir robust arbeidsfellesskap i ein avdeling som har fagleg integritet, sikrar likebehandling i heile kommunen, og som profesjonaliserer sakshandsaminga. I perioden mellom 01.01.22 og 31.12.22 er det fatta 41 vedtak om langtidsopphald i sjukeheim. Det er fatta 405 vedtak om korttidsopphald, 52 vedtak om rehabiliteringsopphald og det har vore 156 vedtak på avlastingsopphald. Utover saksbehandling knytt til opphald i sjukeheim så handsamar dei søknadar til;

- Omsorgsbustad og Omsorgsbustad med heildøgns omsorg (HDO)
- Bufellesskap HDO

- Kommunale bustadar
- Psykisk helsehjelp
- Tenester til menneske med nedsett funksjonsevne, miljøterapi, bu og habilitering
- Støttekontakt
- Omsorgsstønad i kombinasjon med avlastning
- Parkering for rørslehemma.
- Følgjekort
- Koordinerande eining
- Samhandling/samarbeid rundt tildeling/utmåling av BPA

Her følgjer ei oversikt over overliggjedøgn i spesialisthelsetenesta dei siste åra:

	Februar	Mars	April	Mai	Juni	Juli	August	September	Oktober	November
0	53	26	27	23	3	7	12	58	25	8
2	18	4	5	23	18	12	7	29	44	135
7	0	26	14	6	1	0	3	27	56	7
3	4	3	2	13	3	17	7	2	8	8
2	2	18	3	1	6	30	1	1	18	15
7	14	0	?	14	7	18	2	1	0	12
0	2	0	0	3	0	3	0	3	0	0
4	7	0	4	0	0	0	0	0		
7	7	3	0	0	3					

Sjukeheimtenesta i Kvinnherad ved Rosendalstunet, Husnestunet og Halsnøytunet

Éi teneste - tre tun.

Det vart starta eit prosjekt “Bemanning og organisering” i sjukeheim i 2022. Gjennom forprosjektet i perioden februar til august, vart det utvikla kunnskap som gjorde det naudsynt å definere fleire delprosjekt. Kvinnheradmodellen, skal sikre kompetanse, personell og rekruttering i framtid. Fornying av bygg og lokale i helse- og omsorgstenestene, saman med ei fornuftig økonomistyring vil vera nokre av dei viktigaste punkta for å kunne lukkast. Prosjektet viste at vi over lang tid har hatt vanskar med å nyttiggjere oss sengekapasiteten, og vi har gått med for mange ledige senger. Vi arbeider no for å sjå heile tenestene samla då kommunen har ei sjukeheimsteneste og tre tun med institusjonstenester. Sengekapasiteten ved sjukeheimane var grunnlag for delprosjektet “10 senger på vent” ved Rosendalstunet. Vi hadde totalt 6058 ledige liggjedøgn i 2022. Husnestunet hadde 16 % ledig kapasitet (2644 ledige liggjedøgn). Halsnøytunet hadde 4,6 % ledig kapasitet (320 ledige liggjedøgn). Rosendalstunet hadde 14,5 % ledig kapasitet (3094 ledige liggjedøgn).

Det vert arbeida med korleis ein skal nyttiggjera dei ulike stadene best mogleg og korleis plassar skal fordelast ved dei tre tuna (korttidsplassar, rehabiliteringsplassar, demensplassar, avlastningsplassar og korttids, akutt døgn plassering (KAD)).

Planlegging rundt bemanning, ulike typar turnus, kompetanseutvikling, opplæring og oppgåveskyving er delprosjekt som ein har jobba med i 2022 og som fortset i 2023.

Husnestunet og Halsnøytunet (HUS/HAL) har slått saman ressursar for å sikra betre fagkompetanse på natt. Dette arbeidet har medført ei belastning for nokre tilsette, og er fortsatt i prosess. Modellen med èin leiar på HUS/HAL i 2022 har fungert godt og gitt eit betre fagleg fellesskap mellom avdelingane på dei to tuna.

I Kommunedelplan for omsorg, helse og sosial er det lagt opp til ein strategi at folk skal bu heime så lenge som mulig. I framtida vil kun dei aller sjukaste få plass på sjukeheim. Vi merker allereie no at dei som får vedtak på langtidsopphald krev meir ressursar og kompetanse enn dei vi tidligare har hatt på sjukeheimane.

Endringa i drift på sjukeheimane vil påverke økonomi og resultat. I 2022 var det vedtatt mange avlastingsopphald og korttidsopphald. Desse har ein lågare sats og er billigare for pasientane. Langtidsopphald gir høgare sats. Avlastingsopphald er gratis.

Psykisk helse og rus

Det har dei siste åra vore ein markant auke i behovet for hjelp til lettare psykiske lidningar. Tenestene har møtt behovet med å ha auka fokus på lågterskeltilbod som meistringskurs, gruppetilbod, digitale meistringskurs, sjølvhjelpsgruppe, samt at ein har etablert tenesta “rask psykisk helsehjelp”. Det er òg tatt i bruk digitale tilbakemeldingsverktøy, NORSE, for å auke brukarmedverknad og få ei meir “treffsikker” teneste.

Hendingar i 2022 som fører til betre kvalitet på tenestene, meir brukarmedverknad, og betre samarbeid på tvers:

- Resima kurs- Auka fokus på kompetanseheving i høve terapeutisk meistring av aggresjon og vald. Stor del av tilsette og vikarar har gjennomført kursing.
- NORSE tilbakemeldingsverktøy (eksempel på e-helseløysing og bruk av ny teknologi i tenesta).
- 4 tilsette er starta på vidareutdanning i tverrfagleg utdanning i rus og psykisk helse.
- 2 tilsette har gjennomført “rask psykisk helsehjelp”-utdanning. Oppstart RPH team januar 2023.
- 4 tilsette tatt kurs i oppstart av sjølvhjelpsgrupper.
- Auka tal meistringskurs frå 4 til 6.
- Oppstart av 2 sjølvhjelpsgrupper hausten 2022.
- Gjennomført fagdag med tema overdoseforebygging. 70 deltakarar frå ulike einingar internt, samarbeidspartar i kommunen, spesialisthelsetenesta og politi fekk info frå KORUS om rustrendar, overdoseforebygging, eldre og rus m.m. (finansiert med midlar frå Helsedirektoratet).
- Saksbehandlar frå VOK i eininga frå oktober etter 1,5 års opphald.
- Oppretta Rådgjevande eining for russaker (ny lovpålagt oppgåve for kommunen).

Vi konstaterer enno meir ressurskrevjande brukarar, og kompleksitet av behov. Det har vore nødvendig å nytte eksterne leverandørar til nokre tenester i psykisk helse og heimetenester. Årsak til dette er manglande bemanning og kompetanse.

Heimetenester

Heimetenestene i kommunen hadde i snitt 514 brukarar i 2022. Det blei levert 2439 tenester med gjennomsnittleg timeforbruk på 3656 timar per veke i 2022. Det vert arbeida godt i både nord og sør, men også i desse tenestene er det tyngre å rekruttere og ha tilgang på rett kompetanse.

Ei vidare satsing på velferdsteknologi, med kompetanseheving innanfor fagsystem og digitalisering, vart mogleg ved at sektoren mottok berekraftsmidlar frå Vestland fylkeskommune. Fleire tenester vil bli digitale i staden for fysiske i framtida. Det fordrar at vi har kunnskap om dette. Vi vil auke grunnleggjande kunnskap i organisasjonen, og utvikle viktig samarbeid mellom kommune, utdanningsinstitusjonar m.fl. Satsing på nye teknologiske løysingar betyr at vi må ha oppdatert utstyr, oppdaterte verktøy (til dømes nytt fagsystem som effektiviserer kommunikasjon mellom ulike helsenivå, og digitalt utstyr hos pasientane.) Det betyr vidare opplæring av personell, drift og vedlikehald. Vi har førebudd oss i 2022, og skal i gang med realisering av prosjektet i 2023.

Det vart òg etablert eit felles prosjekt mellom Helse Fonna, Ullensvang kommune, Kvinnherad kommune, E-helse Vestland og Innomed i 2022. Dette prosjektet skal innføre samkonsultasjonar i samtid mellom sårpoliklinikk på sjukehus, personell i heimetenesta og fastlege. Ein er heime i pasienten sin heim, og ved hjelp av hovudkamera kan ein følgje opp pasienten lokalt. Meir erfaringar vil ein få i 2023. FHI har følgt denne prosessen og har laga eigen minimetodevurdering på den for å vurdere om metoden kan vere aktuell for andre kommunar og helseføretak rundt om i landet.

Dette er utviklingsarbeid innan heimetenestene som gir auka kompetanse for alle i sektoren.

Legetenesta

Det har vore ei trend at fleire legar ønskjer fast stilling i kommunen framfor å vere sjølvstendig næringsdrivande. Dette har hatt konsekvensar for budsjett og kostnader. I 2021 var det seks legestillingar som vart endra frå sjølvstendig næringsdrivande til kommunalt tilsett med fast løn. I 2022 har to legestillingar vore endra frå sjølvstendig næringsdrift til tilsett i kommunen med fastløn. I 2022 har fire legar fått redusert pasientlistene sine, medan to ikkje fekk dette grunna manglande kapasitet i legetenesta, og vakanse som ikkje vart dekt opp.

Bygging av eit nytt helsehus på Husnes, der legevakt, ambulanseteneste og helsesenter er samlokaliserte, er et vesentlig steg i arbeid med å rekruttere til legetenesta i framtida. Tomt til nytt helsehus vart vedteke av kommunestyret i 2022.

Vaksenopplæringa

Vaksenopplæringa er eit grunnskuletilbod til vaksne, og ei pedagogisk verksemd. I 2022 vart det avgjort å overføre denne skulen til sektor Oppvekst frå skuleåret 2023/24. Nokre endringar i organisering av tenestene til flyktningar er vidare vorte gjort igjennom året. NAV-kontoret har overtatt integreringsavdelinga (5 årsverk).



Bilete er frå ein time i norskopplæring ved Vaksenopplæringa

Kommunen tok imot 70 nye flyktningar i året som gjekk. Det har påverka behovet for areal til opplæring og oppfølging. Med eit stort tal nye innbyggjarar i kommunen, er det større krav til alle sektorar for samarbeid på tvers, og på tvers i eigen sektor.

Ein har jobba med samarbeidsavtalar og rutinar for den nye organiseringa i Vaksenopplæring og i NAV.

NAV

Utbetaling av økonomisk sosialhjelp vart redusert med -22,1% frå 2021 til 2022. Det er stor reduksjon av mottakarar i aldersgruppa 18-24 år. Mottakarar av sosialhjelp vart redusert frå 44 personar i 2021 til 32 personar i 2022. Auka innsats og ressursar til ungdom er noko av årsaka. Tal vaksne sosialhjelpsmottakarar auka frå 2021: 211 personar, til 2022: 227 personar. Ein auke på 16 personar. Noko av årsaka til dette er at fleire har fått høgare utgifter; straum, mat, brensel, bensin/diesel, og samstundes er inntekt/uførestønad den same som tidligare. Det er òg mange husstandar som har mykje lån og kreditt, og dei klarer ikkje forvalte økonomi som tidlegare med endringane som har kome.

Det er starta opp prosjekt i 2022: Oppsøkande team, som skal kartleggje og iverksetje tiltak for ungdom mellom 18 og 26 år, som står utan aktivitet som skule/arbeid. Eit tiltak for å minske utanforskapet.

NAV-kontoret har som målsetjing; Størst mogleg overgang til arbeid, rask og korrekt sakshandsaming og god tilgjenge til tenestene. Pandemien og mykje heimekontor i første del av 2022, har gjeve auke av digitale søknadar om bistand. Det er ikkje lenger naudsynt å fysiske oppsøkja NAV-kontoret. Det er færre ikkje-planlagde oppmøte i mottaket, opningstidene er redusert med éin dag per veke, og mottaket er bemanna frå kl. 0930-1130 måndag, onsdag og fredag. Tal på klagar på vedtak som vart sendt til

Årsmelding 2022

Statforvaltaren var i 2022: 20 stk. og ein har fått stadfesta vedtak i 17 saker. Ungdomskontakten har i 2022 auka opp tilgjengelegheita ved å vere fast på KVV ein dag i veka.

Nav Kvinnherad har to faste IPS-stillingar. IPS er eit tilbod til personar med moderate til alvorlege psykiske helseproblem og/eller rus problem, som ynsker hjelp til å kome i arbeid eller behalde ordinært, løna arbeid. Her har me tett samarbeid med Folgefonna DPS.

Det var 15 personar som deltok i Kvalifiseringsprogrammet i 2022. Nav Kvinnherad mottok 73 flyktningar i 2022, og det er 31 personar som deltek i Introduksjonsprogrammet per desember 2022.

I 2022 mottok NAV 31 søknadar på gjeld, ved utgang av året er det fem saker på venteliste.

Bu og habilitering

Eininga yt tenester til vaksne med varige og omfattande funksjonsnedsettingar. Målet for eininga er å gje den einskilde eit tenestetilbod som er tilpassa eige hjelpebehov og som gjev høve til utvikling, påverknad og styring av eige liv. Tenestene vert gjevne i eigen bustad, bufellesskap med heildøgnsomsorg, avlastingsbustad og som aktivitetstilbod ved Dagsenter. Det er knapp tilgang på vikarar og mange vakante stillingar. Dette gjer at leiarane i eininga må gå mykje i drift med direkte tenesteyting, og ikkje får jobba så mykje med oppfølging av personell, leiaroppgåver og utvikling av tenestene. Ein har, trass i desse utfordringane, fått lagt til rette for kurs for tilsette innan HOL. kap. 9, med Statsforvaltar, samt at tilsette har deltatt på RESIMA-kurs med andre frå sektoren. Ein har òg flytta eit tiltak, som både frigjorde areal, og personalressursar.

Sjukefråvær

